
namn og nemne

Tidsskrift for
norsk
namnegransking

UTGJEVE AV NORSK NAMNELAG

REDAKTØRAR:

VIDAR HASLUM, OLE-JØRGEN JOHANNESSEN,
GUDLAUG NEDRELID OG TOM SCHMIDT

ÅRGANG 36 – 2019

NOVUS FORLAG – OSLO

Redaksjon:

Vidar Haslum, Universitetet i Agder,
Ole-Jørgen Johannessen, Universitetet i Bergen,
Gudlaug Nedreid, Universitetet i Agder og
Tom Schmidt, Universitetet i Oslo.

Manuskript og bøker til melding:

Gudlaug Nedreid, Universitetet i Agder,
Postboks 422, 4604 Kristiansand.
gudlaug.nedreid@uia.no

Abonnement

Privatabonnement kostar kr 300 pr år. Bankgirokonto: 7874.05.33362. Eller med kredittkort (VISA eller Master-Card). Kontakt forlaget.

Abonnementet gjeld til det blir sagt opp skriftleg.

«Namn og nemne» blir utgjeve av Norsk namnelag.

© Den enkelte forfattaren

ISSN 0800-4684

Trykk: lasertrykk.no

Innhald

Myrvoll, Klaus Johan: Fanst det eit eige namn <i>Solli</i> i Noreg i millomalderen?	7
Bjorvand, Harald: <i>Mo</i> og <i>Frøland</i>	31
Heide, Eldar: <i>Jomfruland</i> , <i>Jungfrun</i> , <i>Landegode</i> og <i>Godøya</i> på Sunnmøre – ikkje farlege, men reine og gode?	47
Helset, Stig J.: Kva for motiv ligg bak namngjeving? Ei gransking med utgangspunkt i namn på klatreruter	79
Bokmeldingar	97
Tilsend litteratur	119
Medarbeidarar i årgang 36	120

Forkortingar

AB	=	Aslak Bolts Jordebok. Utg. ved Jon Gunnar Jørgensen. Oslo 1997
ANF	=	Arkiv för nordisk filologi
APhS	=	Acta Philologica Scandinavia
BK	=	Bergens kalvskinn. Utg. av Ole-Jørgen Johannessen. Oslo 2016
BØ	=	Kåre Hoel: Bustadnavn i Østfold. 1–. Oslo 1994–
da.	=	dansk
BMO	=	Bokmålsordboka. 3. utg. Red.: Boye Wangensteen. Oslo 2009.
bm.	=	bokmål
DGP	=	Danmarks gamle Personnavne. I (1–2)– II (1–2). København 1936–1964
DN	=	Diplomatarium Norvegicum. I–. Christiania/Kristiania/Oslo 1847–
DS	=	Danmarks Stednavne. I–. København 1922–.
fi.	=	finsk
frank.	=	frankisk
fær.	=	færøysk
gda.	=	gammaldansk
geng.	=	gammalengelsk
germ.	=	germansk
gfr.	=	gammalfransk
gfri.	=	gammalfrisisk
ghty.	=	gammalhøgtysk
gind.	=	gammalindisk
gir.	=	gammalirsk
glty.	=	gammallågtysk
gno.	=	gammalnorsk
gnord.	=	gammalnordisk
got.	=	gotisk
gprov.	=	gammalprovençalsk
gr.	=	gresk
gsv.	=	gammalsvensk
gæl.	=	gælisk
HT	=	Historisk Tidsskrift (norsk)
ie.	=	indoeuropeisk
isl.	=	islandsk
KLNM	=	Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder. 1–22. 1956–78
lat.	=	latin
lett.	=	lettisk
mlty.	=	mellomlågtyisk
MM	=	Maal og Minne
mnl.	=	mellomnederlandsk
NE	=	Oluf Rygh: Norske Elvenavn. Kristiania 1904
NEL	=	Olav Veka: Norsk etternavnsleksikon. 2. utg. Oslo 2016
NG	=	Oluf Rygh m.fl.: Norske Gaardnavne. 1–18. Kristiania/Oslo 1897–1924
nl.	=	nederlandsk
NLR	=	Norske lensrekneskapsbøker 1548–1567. I–VI. Oslo 1937–43
NLT	=	Norsk Lingvistisk Tidsskrift
NN	=	Namn og Nemne
nn.	=	nynorsk

- no. = norsk
 NO = Norsk ordbok. 1–12. Oslo 1966–2016
 NO Aasen = Ivar Aasen: Norsk Ordbog med dansk forklaring. Christiania 1873
 NoB = Namn och bygd
 NPL = Kristoffer Kruken & Ola Stemshaug: Norsk personnamnleksikon. 3. utg. ved Kristoffer Kruken. Oslo 2013
 NRJ = Norske Regnskaber og Jordebøger frå det 16de Aarhundrede. Udg. [...] ved H. J. Huitfeldt-Kaas o.fl. I–V. Christiania/Oslo 1887–1966/83
 NRO = Norsk Riksmålsordbok. I–VI. Oslo 1937–1995
 NS = Olav T. Beito: Norske sæternamn. Oslo 1949
 NSL = Jørn Sandnes & Ola Stemshaug (red.): Norsk stadnamnleksikon. 4. utg. Oslo 1997
 NYN = Nynorskordboka. 4. utg. Red.: Marit Hovednak et al. Oslo 2006.
 OE = Olav Engelbrektssøns jordebog. [...] Udg. [...] ved Chr. Brinchmann og J. Agerholt. Oslo 1926
 RB = Biskop Eysteins Jordebog (Den Røde Bog). Fortegnelse over det geistlige Gods i Oslo Bispedømme omkring Aar 1400. [...] udg. ved H. J. Huitfeldt. Christiania 1879
 SAS = Studia anthroponymica Scandinavia
 seinlat. = seinlatin
 st. = stamme, stomm
 SvLm = Svenska landsmål och svenskt folkliv
 TR = Trondhjems Reformats 1589. Norske kyrkjelege jordebøker etter reformasjonen. 2. 1–104. Utg. [...] ved Anne-Marit Hamre. Oslo 1983
 ØK = Økonomisk kartverk

Uttale

Uttalen er attgjeven i fonemisk transkripsjon, mellom skråstrekar. IPA-symbol er nytta. Forklaring av nokre symbol:

- /ˈ/ = tonem 1 (i nontonemiske måføre: hovudtrykk)
 /ˈˈ/ = tonem 2
 /,/ = bitrykk

Fanst det eit eige namn *Solli* i Noreg i millomalderen?

Av Klaus Johan Myrvoll

This article discusses the alleged existence of a medieval Norwegian personal name Solli, which E. H. Lind lists in his monumental Norsk-isländska dopnamn ock fingerade namn från medeltiden (1905–15, 1931) and derives etymologically from the verb svella ‘to swell’. It is argued that this was no independent name formation in medieval times, but rather a spelling variant or a hypocorism of the common Old Norse name Sólvi(r), whereas the Modern Norwegian name Solle (Sølle) is, more likely, a continuation of the more marginal Old Norse name Sǫrli. The arguments for making such a division between old and new Solle are primarily the great variance in spellings of the name Sólvi(r) in the medieval sources as well as the overlapping geographical distribution of these name forms. Some of the persons whose names are spelled <Solle> etc. in the sources are tentatively linked to persons who clearly had the name Sólvi(r). A sound change from Sólvi(r) to Solli is problematic, though, and the new form is explained as either a pure spelling variant where the v is left out (as in other spellings of the same name), or a hypocorism where the consonant cluster has been simplified (as in Modern Swedish nick-name equivalents such as Hjalle for Hjalmar and Kalle for Karl).

1 Innleiiding

I *Norsk-isländska dopnamn ock fingerade namn från medeltiden* fører Erik Henrik Lind (1905–15, 1931) upp eit eige namn *Solli*. Det same gjer Eivind Vågslid i *Norderlendske fyrenamn* (1988), berre at han nyttar nynorske namneformer, her *Sølle*. Båe granskarane held det for å vera eit opphavlegt tilnamn, men dei hev ulik uttyding av det. Lind tenkjer seg at

det heng saman med verbet *svella*, i same ljodsprang (avljodsstig) som substantivet norr. *sullr* m. ‘svulst’, men Vågslid meiner at det «truleg [er] avleitt frå gn. *sollr* ha. søll, brøti braud med mjølk på, um ein som hev sylt, laga eller eti søll». I denne siste namneboki si fører Vågslid upp både reint norrøne og nynorske namn, men eit namn *Solle* er i alle høve funne i nynorsk tid. Ivar Aasen (1878: 36) fører det upp i *Norsk Navnebog* og heimfester det til Sogn og Valdres; han nemner at uttalen er *Sølle* sumstad. Til motsvar i gamalnorsk fører han upp både *Sörle* [= *Sörli*] og *Solle*, «som ogsaa nærmer sig til Solve». *Norsk personnamleksikon* (NPL), derimot, fører det attende på norr. *Sörli* åleine (s. 518), og det er heilt klårt den einfeldaste løysingi. Det er ingen tvil um at *Solle* (med avbriget *Sølle*) må reknast som eit eige namn i nynorsk tid, men spursmålet er um det same skal gjelda for millomaldermaterialet. Med «eige namn» meiner eg då eit namn som hev vakse fram av eige ordstoff, både formelt og semantisk, og er ubunde av dei andre, trygt etablerte namni *Sølvi(r)* og *Sörli*. Nynorsk *Solle* kann som nemnt først attende på norr. *Sörli*. Men er det grunnlag for å rekna med eit norrønt *Solli*?

I denne artikkelen skal eg granska nærare dei dømi Lind gjev på det postulerte namnet *Solli* i *Norsk-isländska dopnamn*, og argumentera for at dette ikkje er eit eige namn, men berre ein variant eller skrivemåte av det vanlege namnet *Sølvi(r)*. Det nynorske namnet *Solle* (*Sølle*), derimot, vil eg på ljodhistorisk grunnlag tyda ut som eit framhald av norr. *Sörli*. Argumenti for å rekna den norrøne namneformi *Solli* til *Sølvi(r)* vert henta frå skrivemåtane av dette namnet i millomalderkjeldone og den geografiske utbreidsla åt namneformene. Eg vil òg freista å kopla ein-skildmenne som er skrivne <Solle> o.dil. med personar som heilt klårt heitte *Sølvi(r)*. Ein eventuell ljodvokster frå *Sølvi(r)* til *Solli* er problematisk, og det vert sett fram tvo alternative løysingar: anten at det dreiar seg um ein rein skrivemåte der *v*-en er utelaten, eller at *Solli* er ei hypokoristisk form (kjæleform) der konsonantsambandet er forenkla (som i t.d. moderne svensk *Hjalle* av *Hjalmar*).

2 Grunnlaget for namnet *Solli* hjå Lind

I tabellen nedanfor hev eg ført upp alle dømi som Lind reknar til namnet *Solli* (Lind, sp. 940; Lind Suppl., sp. 742), samanhalde med og supplert

med opplysningar or *Diplomatarium Norvegicum* (DN) og *Norske Regnskaber og Jordebøger fra det 16de Aarhundrede* (NRJ):¹⁾

Tabell 1. Døme på namnet *Solli* hjå Lind.²⁾

Nr.	Namn	Kjelda	År	Stad
1	sira Solla a Gærpine (dat.)	DN III 113	1318	[u.st.]
2	<i>Solla dicto Sukk</i> (latin)	DN IX 93	1325	[Bergen]
3	Solli Jonson (nom.)	DN III 475	1387	Hval i Fet (på Romerike)
4	Folkuarder Solleson, Folkuarde Sollesyni, Folkwarder Solleson	DN XIV 15	1388	Loner i Hjartdal
5	Foquarþr Sullason, Foqvarþæ Sollasyni	DN XIV 17 ³⁾	1397	Havstein i Gransherad
6	Ronnogho Solli dottor	DN II 579	1404	Haug på Eiker
7	Solle Prondesson (dat.), Solle (2gg., dat.)	DN II 619	1411	Sandsvær
8	Solle aa Kroom (nom.)	DN VII 377	1424	Vestby
9	Folkuarde Sollasini	DN IX 244	1427	Folseland i Gransherad
10	Sollæ Aslaksson (nom.)	DN III 689	1427	Seljord
11	Solle Ormsson (nom.)	DN XI 162	1438	Sandherad
12	Halstein Solleson	DN IV 879	1440	Bergen
13	Solle Ormssun (nom.)	DN III 771	1442	Lødese
14	*Solde Ormsen	DN XVIII 69	1453	Kvinnherad
15	Asslak Ssollæson	DN VII 491	1482	Bø
16	Aslak Solleson	DN I 943	1485	Bjoland i Morgedal
17	Aslak Solleson	DN XI 252	1485	Berge i Morgedal
18	Aslak Solleson	DN I 968	1490	Folkheim i Gjerpen
19	*Solle Thorleffsens	DN XVIII 116	1490	Nøs i Ål
20	Sollæ Aslaksson (nom.)	DN IX 425	1495	Seljord
21	Soldlæ Aslach son	DN IX 426	1495	Helgelid
22	Sollæ Aslakson (nom.)	DN XI 269	1495	Seljord
23	Mattis Solleson (3 gg.) ⁴⁾	DN VIII 479	1512	Sandherad

- 1) Alle tilvisingar til DN og RN fylgjer malen [DN/RN] + [bandnummer] + [diplomnummer].
- 2) Eg hev sett til i parentes kva for ein kaus namni stend i so sant det gjeld simplekset, og det er kausbøygjing i kjelda elles. Dei namni som hev ei stjerna fyre seg (*), er berre funne i yngre avskrifter, gjerne i dansk målform.
- 3) Dette diplom er etter RN VIII [541] falskt.
- 4) Dette dømet fører Lind opp både under *Solli* (Lind, sp. 940) og *Sølvi* (Lind Suppl., sp. 784). Den same inkonsistensen ser me når Lind fører opp stadnamnet *Sålerud* i Stange (skrive *Sullarud* i RB, *Sollerudt* 1578, moderne uttaleform: /²så:ru:/, jf. NG III, s. 150) under både *Sølvi* og *Solli* i Lind Suppl. (sp. 742, 784).

24	Solle j Skerueim	NRJ IV s. 85	1528	Skjervheim i Ål
----	------------------	--------------	------	-----------------

Me ser at det i alle tilfelli dreiar seg um skrivemåtar med ⟨o⟩ (med undantak av éin ⟨u⟩ i variasjon med ⟨o⟩ i nr. 5) og dubbel ⟨ll⟩ (evt. ⟨ld⟩ i yngre avskrifter) og med endingsvokal i samsvar med linn maskulin bøyging (nom. *-i/e*), med andre ord nominativ *Solli/Solte*, evt. veikt til *Sollæ*, oblik form *Solla(-)*, evt. veikt til *Sollæ(-)* og *Solte(-)*. I band XXI og XXIII av DN, som vart utgjevne i 1976 og 2011, var det endå nokre døme som etter dei same kriterii kunde reknast til dette namnet *Solli*,⁵⁾ og dessutan fekk ikkje Lind med seg nokre seine døme (nr. 36–38),⁶⁾ og tvo (nr. 25 og 34) hev han ført opp under *Solvi*. Det siste illustrerer elles dei vanskane Lind støyte på då han skulde skilja millom *Solvi(r)* og *Solli*.

Tabell 2. Døme på namneformi *Solli* i DN som ikkje er med hjå Lind.

Nr.	Namn	Kjelda	År	Stad
25	Ssolle Oseson ⁷⁾	DN IV 112	1315	Oslo
26	*Solla Rederszen (dat.)	DN XXI 449	1449	Lardal
27	*Solle Rederszen (dat.)	DN XXI 453	1449	Sandsvær
28	*Lyff Solladaatter	DN XXI 449	1449	Lardal
29	*Halffvord Solleszen	DN XXI 453	1449	Sandsvær
30	solle ormsson (nom.)	DN XXI 552	1466	Stålerød i Andebu
31	*Liffve Solledaatter	DN XXI 596	1482	Styrvoll i Lardal
32	*Tolleff Søllesøn	DN XXI 645	c. 1490	[truleg Hallingdal]
33	*Sollæ Aslackson (nom.)	DN XXI 668	1495	[truleg Seljord]
34	Saallæ Ormsson	DN IV 1028	1497	Tunsberg
35	Solle Aslaackszon (nom.)	DN XXIII 112	1502	[Langlem i Seljord]
36	Solle Aslaksson (nom.)	DN III 1029	1503	Seljord
37	Joen Soldeson	DN XIII 600	1534	Valleholen i Kroer sokn
38	Solle Ormsson	DN II 1152	1550	[Tunsberg]
39	Solle Ormsøn	DN XXI 957	1551	[Slagen]

5) I DN XXII, som kom ut i 1995, er det ingi relevante døme.

6) Disse hev eg funne ved søk i den elektroniske utgåva av DN (www.dokpro.uio.no) og ved å ganga gjenom registri til DN.

7) Denne *Ssolle Oseson* er dessutan nemnd i eit brev frå Tunsberg 1310 som er skrive på latin, og er då kalla *Sollo Asoson* (MekIUB XXV 13861, jf. RN III 654).

Som me ser, er det nokre namn som gjeng att, og då er det helst same mannen, med venteleg eitt undantak: Den *Solde Ormsson* som er nemnd i Kvinnherad i 1453 (nr. 14) og som synest å vera ein lokal mann (vitne), kann vanskeleg vera den same som *Solle Ormsson* i Vestfold, nemnd 1438–66 (nr. 11, 13 og 30), som var logrettemann (1438, 1466) og ein av utsendingane frå ålmugen i Vestfold til kongevalmøtet i Lødesse i 1442. Likeins er det tvilsamt um den *Saallæ Ormsson* som selde garden Teigen i Slagen sokn i 1497 (nr. 34) og som er nemnd som avliden i 1550 og 1551 (nr. 38 og 39), er den same som sistnemnde (sjå fotnote 20). Me må rekna med skyldskap millom *Sollæ Aslaksson* (n. 1427), *Aslak Sollæson* (n. 1482–90) og *Sollæ Aslaksson* (n. 1495–1503), alle tri frå Seljord i Telemark. Som Lind er inne på, hev me nok ei bein ættlina her. *Solle Rederszen* (nr. 26 og 27) og *Halffvord Solleszen* (nr. 29) er far og son (DN XXI 453), og etter alt å døma høyrer *Lyff Solladaatter / Liffve Solledaatter* (nr. 28 og 31) til same ætti. Den *Solle Thorleffsenn* som stadfeste eit gardsal i Eggjedal på vegner av mor si på Nøs i Ål i 1490, kann godt vera son åt *Tolleff Søllesøn*, som er nemnd i eit brev frå um lag same tidi og som òg hev tilknytning til Hallingdal. At det er visse personar som vert skrivne «Solle» i fleire ubundne kjeldor (t.d. dei tri ættledene i Telemark i i alt elleve brev i perioden 1427–1503), kunde vera eit argument for at det dreiar seg um eit eige etymologisk åtskilt namn, eller i minsto at namneformi på denne tidi hadde skilt seg ut som eige namn soleis at det kunde nyttast konsistent. Det siste vilde vera mogelegt um det var ei opphavleg kjæleform som hadde rive seg laust frå «mornamnet» og hadde byrja å verta nytta ubunde av det.

Lind (sp. 940) grunngjev oppføring i av eit eige namn *Solli* soleis:

Då intet sammanhang med de äldre namnen **Sørli** äller **Sølvi** kan spåras, synes det rimeligast at fatta **Solli** såsom ett i senare tid uppkommet självständigt namn, antagl. från början binamn. Såsom sådant träffas **solli**, **sulli** ock **sollr**, **sullr** flerestådes, även på Island.

No er det ikkje heilt sant at det er uråd å finna samband til dei eldre namni *Sørli* eller *Sølvi(r)*. I norr. *Sørli* er ei utjamning av *rl* til *ll* ljodrett; denne assimilasjonen, som er ålmenn i det meste av norsk (jf. *kall* m. < norr. *karl*; formi *kar* er uppkomi i samansettingar som norr. *karlmaðr* > **karmaðr*), tek til å syna seg i skrift alt mot slutten av 1100-talet (Indrebø

1951: 121). At dette namnet skulde syna seg i formi *Solli* etter um lag 1300, er soleis ikkje uventa. Likevel skal me sjå at det er andre grunnar til heller å setja mange av dømi på namneformi *Solli* i samband med *Solvi(r)*. Ein ljodyvergang frå *lv* til *ll* er rett nok ikkje vanleg i norsk (jf. *kalv, elv*, sjå Myrvoll 2005), men det kann tenkjast at me her hev med eit reint grafisk fenomen å gjera, eller eventuelt ei kjæleform med forenkling av konsonantsambandet (meir um det nedanfor).

Andre namnegranskarar hev ikkje vore like avvisande som Lind til å knyta namneformi *Solli* til eitt eller baa av dei hine namni. Aasen (1878: 36) legg til «som ogsaa nærmer sig til Solve» etter den gamalnorske skriftformi *Solle*, og Vågslid, som fører upp *Sölle* som eige namn i *Norderlendske fyrenamn*, fører derimot upp denne formi under *Sorle* i *Norsk navnebok* frå 1930 (s. 197). Det finst òg døme på at utgjevarane av DN hev normalisert personar som er skrivne «Solle» o.dil. i brevet, til anten *Solve/Sølv*e eller *Sorle/Sørle* i den innleidande regesten; det gjeld t.d. *Saallæ Ormsson*, som vert normalisert «Sölve Ormssön» (DN IV 1028), og *Tolleff Søllesøn*, som vert normalisert «Torleiv Sorlesson» (DN XXI 645). I *Regesta Norvegica* (RN), som er under utgjeving og komen fram til 1430, er alle *Solle* so langt normaliserte til *Solve*, med undantak av tvo av dei eldste: *sira Sørle på Gjerpen* (1318, RN III 1058) og *Sørle Sukk* (1325, RN IV 325), som då vert rekna til namnet *Sorli*.⁸⁾

3 Samanhengar millom *Solli* og *Solvi(r)*

Me skal sjå nærare på mogelege samanhengar millom namneformi *Solli* og det etablerte namnet *Solvi(r)*, både gjennom dilike skrivemåtar i kjeldetilfanget, den geografiske utbreidsla åt namni og mogelege ein-skildkoplingar (genealogiske samband). Men fyrst er det på sin plass å segja noko um etymologien åt norr. *Solvi(r)* og um tilhøvet millom dei ulike formene av dette namnet.

8) Normaliserte til *Solve* er: *Solve Åsesson* (1315, RN III 940), *Solve Jonsson* (1387, RN VII 1359), *Folkvard Solvesson* (1388, RN VII 1443; 1397, RN VIII [541]; 1427, RN X 688), *Rønnaug Solvesdotter* (1404, RN VIII 1290), *Solve Trondsson* (1411, RN IX 731) og *Solve på Kroer* (1424, RN X 411).

3.1 Etymologien åt norr. *Sǫlvi(r)*

Namnet *Solve* finst i fleire ulike former i norrønt mál. Den eldste synest vera den sterke *Sǫlvir*, som vert bøygd som ein maskulin *ija*-stomn: nom. *Sǫlvir*, akk., dat. *Sǫlvi*, gen. *Sǫlvis*, jf. Noreen 1923, §§ 370–371. Sekundær er venteleg formi *Sǫlvi*, som vert bøygd som ein *an*-stomn (lint hankynsord): nom. *Sǫlvi*, obl. *Sǫlva*. Av baa formene finst det avbrigde utan (markert) ljodbrigde, i same fylgd *Salvir* og *Salvi*.⁹⁾ Namnet vert til vanleg ført attende på eit eldre norr. **Sǫl-vér*, ei samansetning av *Sǫl-* = *salr* ‘hus, sal’ (med *w*-ljodbrigde pga. etterlekken) og *-vér*, av eit urn. **-wīthar* som hev vorte uttydt anten som ‘kjempa’ (Janzén 1947: 88 f., 115) eller som ‘(heiden) prest’ (Kousgård Sørensen 1989), med lægging $\bar{t} > é$ fyre (seinare burtfallen) *h*, synkope av *a* og yvergang *-R > -r*. Namnet må etter kvart ha mist karakter av samansetning og vorte redusert til *Sǫlvir* (som **Ǫl-vér > Ǫlvir*) og då fenge *ija*-bøygging (sjå Noreen 1923 § 371).¹⁰⁾ Baa uttydingane av etterlekken *-vér* kunde for so vidt vera mogelege, av di det var tvo homonyme røter i germansk (urgerm. **wéih-*). I baa tilfelli måtte det rekonstruerte personnemnet urn. **-wīthar* vera ei substantivering av eit adjektiv, anten verbaladjektivet urgerm. **wéiha-* ‘kjempande’ (til roti i m.a. norr. *viga*, *vega* ‘taka på med våpen, strida’) eller adjektivet urgerm. **wéiha-* ‘heilag’, som er yverlevert i got. *weihs* og ght. *wīh* ‘heilag’, jf. tysk *Weihnachten* ‘jol’.¹¹⁾ For den sistnemnde uttydingi er det likevel eit problem at me ikkje skulde ha venta tydingi ‘prest’ til ei maskulin substantivering av eit adjektiv med tydingi ‘heilag’ (i baa tilfelli ein *a*-stomn), jf. den nøytrale substantiveringi av det same adjektivet i norr.

9) Noreen (1923 § 105, Anm.) reknar dessutan (sekundært) med ei form med diftongering av den ljodbrigde rotvokalen, *Saulvér* (> *Saulvir*, *Saulvi*), men denne formi er som me skal sjå, heller tvilsam.

10) Namnet *Ǫlvir* er i eit skaldevers av Egill Skallagrímsson (lausavísa 4 i *Skj.*, truleg frå fyrste helvti av 900-talet) plassert i kadensen (dei tvo siste posisjonane i verset), noko som er eit klårt vitnemål um at etterlekken *-vir* på dette tidspunktet var utyngd. Namnet er òg funne i Sigvatr Þórðarsons *Austrfararvísur* (str. 6); der òg er venteleg etterlekken *-vir* utyngd (namnet stend i tridje og fjerde posisjon), men etter di det på denne tidi hadde vorte vanlegt å inkludera tunge læggingar i versemålet, kann ein ikkje vera viss på dette.

11) Jamvel um desse adjektivi urgerm. **wéiha-* er homonyme, vert dei til vanleg ikkje førde saman etymologisk. Nyleg hev likevel Harald Bjorvand (2013: 57 ff.) teke til ords for at tydingi ‘heilag’ kann vera sekundær til ‘kjempande’, og at det upphavleg dreiar seg um eitt og same adjektiv. Det gjer likevel ikkje mykje til eller frå i det semantiske problemet knytt til norr. *-vér < urn. *-wīthar*.

vé ‘heilagdom’, eigenleg ‘det heilage’. Tilsvarande måtte ei maskulin substantivering ‘den heilage’ (pl. ‘dei heilage’) visa til guden (gudane), ikkje presten, jf. det *véar* pl. ‘gudar’ som er funne i eddakovædet *Hymiskviða* (str. 39). For eit prestenumne måtte ein heller venta eit nomen agentis, ei *-ija-* eller *-an-*avleiing, som i norr. *goði* m. (*an-*stomn) ‘heiden prest’ til *goð* n. pl., i so fall norr. **vír* < eldre norr. **viir* (< urn. **wīhijar*) eller **véi* (< urn. **wīhan-*).¹²⁾ Kousgård Sørensen (1989: 8) viser til parallellen i got. *auhumists weiha*, som set um græsk ἀρχιερέυς m. ‘ypparsteprest’ (Joh 18,13), men her er *weiha* nett som ein skulde venta ein *an-*stomn, og ikkje ein *a-*stomn, som det postulerte urnordiske **wīthar*. Alt i alt synest difor tilknyttingi til norr. *viga*, *vega* og ei tyding ‘kjempa’ til *-vér* å vera tryggare, jf. den tilsvarande semantikken ved namnelekken norr. *-arr* < urn. *-harjar* ‘herfører; krigar’.

Ei tridje uttyding av *Solve* som hev vore kasta fram, er ei substantivering av adjektivet norr. *sōlr* ‘(gul)bleik, gusten’ (< urn. **salwa-*).¹³⁾ I *Nordiskt runnamnslexikon* er dette den einaste uttydingi som vert gjevi til namnet *Salvi/Solvi* (Peterson 2007: 187). Runenamnsleksikonet viser til Michael Lerche Nielsen (1997: 34), som meiner at namnet *Solvi* er eit opphavlegt tilnamn av adjektivet *sōlr* ‘(gul)bleik, gusten’. Han viser til at «de stærktbøjede former af navnet er meget yngre og i øvrigt langt færre end de svagtbøjede», og hevdar at den linne formi *Solvi* er primær

12) Eit nomen agentis urn. **wīhijar* ‘prest’ > norr. **vír* kann snaudt liggja attum dei reduserte namneformene på *-vir* (*Sōlvir*, *Qlvir* osv.), etter di dei bør sjåast i samanheng med dei namni på *-vér* der etterlekken enno er tydeleg i norrøn tid, d.e. i dei mytologiske namni *Hlǫðvér* og *Randvér* i skaldediktningi, som jamt vert skrivne med ⟨e⟩ i handskriftene, sjå *Lex.poet.*, s.vv. Desse sistnemnde namni kann i alle fall ikkje ganga attende på eit urn. **wīhijar*, som med *a-*synkope, burtfall av intervokalisert *h*, stytting av utyngd *ī* > *i* og yvergang *-r* > *-r* måtte gjeva ei tidleg norrøn form **-viir* (ikkje lægging *ī* > *ē* fyre *h* når det stend ein *i* i stavingi etter, jf. Noreen 1923, § 111, 2), som fyrst med hiatussamandragingane på 1100-talet vilde gjeva ei norrøn form **-vir*, som so måtte verta stytt til *-vir* i t.d. *Sōlvir*. Ein slik vokster synest lite truleg.

13) NPL viser i denne samanhengen til galten *Solvi* ‘den (gul)bleike’ i *Landnámabók* (*Ln*), men dette galtenamnet kann knappast reknast for prov på ei eigi namnelaging til adjektivet *sōlr*. Galten *Solvi* vert introdusert i *Ln* (kap. S218/H184; ÍF I, s. 250 f.) til uttyding av stadnamnet *Sōlvadalr* i Eyjafjörður, som vel meir truleg hev namnet sitt etter ein mann som heitte *Solvi*, jf. at det einslydande namnet *Sōlvadalr* på Grønland vert uttydt i *Ln* (kap. S92/H79; ÍF I, s. 134 f.) med at han som sette seg ned der, heitte *Solvi*. Ei dilik uttyding vert gjevi til gardsnamnet *Sōlvahamarr* i Breiðavík på Snæfellsnes (*Ln*, kap. S74/H62; ÍF I, s. 104 f.).

i høve til den sterke *Sølvir*, men gjev ikkje nokor uttyding til koss ein yvergang frå linn til sterk form skal ha gjenge fyre seg. Som alt Lind (1895: 270 f.) peika på, kann ikkje eit opphav i adjektivet *sølr* gjera greida for formi *Sølvir* med *-r*, ei form som er funni so tidleg som i 1366 i eit brev frå Hobøl (⟨Solfuir⟩, DN IV 459) og som finst spreiddt dei næste hundradåri, serleg i det vikverske området, til dels i fri variasjon med *Sølvi* um dei same personane (sjå nedanfor), og dessutan i nynorsk tid i formi *Sølver* i Vestfold (NPL, s. 537). Det finst parallellar til ein yvergang frå *ija*-stomnbøygjing til *an*-stomnbøygjing, både i appellativ og proprium, m.a. norr. *endir* > *endi* m. ‘ende’ og *Gylfir* > *Gylfi* (fleire dømme hjå Noreen 1923 § 371), men ikkje hin vegen. Lind konkluderer (*op.cit.*, s. 271) difor med at «*Solve* tyckes således, aldeles som det nyss omtalade *Sølva*, vara ‘Kurzname’ av ett urspr. sammansatt namn *Søl-vér*».

3.2 Skrivemåtane av namnet *Sølvi(r)* i diplomaterialet

I diplomaterialet møter ein som regel dei linne formene på *-i/e*, obl. *-a*, men dei sterke formene *Sølvir* og *Salvir* kjem upp sporadisk, i visse område oftare enn i andre. I Austfold, til dømes, hev formene på *-ir* yvertaket, heilt fram til 1500-talet (⟨Solfuir⟩, ⟨Sølfuer⟩ o.l., 6 dømme). Når det gjeld bytingi av rotvokalane *a* og *ø*, er u-ljodbrigd vokal (skriven ⟨o⟩, ⟨au⟩ eller ⟨ø⟩) vanlegast på Austlandet til og med Telemark, medan formene med ⟨a⟩ dominerer frå Agder og vestetter; derimot er formene med ljodbrigd rotvokal i fleirtal i Hordaland (for det meste Bergen og Voss). Jamtland hev på si sida mest berre ⟨a⟩.

I ein del tilfelle møter me ulike skrivemåtar for same person i eitt og same brev, t.d. er dråpsmannen Solve Torgeirsson skriven både ⟨Salfua⟩ og ⟨Saulfui⟩, ⟨-a⟩ (2 gg.) i eit brev skrive på Mykenes i Skjee sokn i Vestfold 1371 (DN I 413), og dråpsmannen Solve Olavsson er skriven ⟨Solua⟩ (2 gg.), ⟨Saului⟩, ⟨-a⟩ (8 gg.) og ⟨Salui⟩ (1 g.) i eit brev skrive på Ingulvstveit i Seljord 1360 (DN XIII 23).¹⁴⁾ Dette peikar på at dei ymse formene i mange tilfelle er reine skrivemåtar, og at t.d. valet millom ⟨o⟩, ⟨au⟩ og ⟨a⟩ kann vera nokso tilfellelegt. Desse grafemi er då berre ulike

14) Vågslid (1989: 393) segjer um skrivaren av dette brevet at «[d]et er tydeleg ein liti øvd skrivar som hev skrivi brevet, og det er truleg Trond Reidarsson som hev skrivi det». Trond Reidarsson var utferdaren av brevet, i umbod for systemannen i Skien, Kjetil Vigleiksson.

skrivemåtar av det same fonemet /q/ (⟨a⟩ kunde nyttast av di det fylgde ein ⟨u⟩ etter). Det kastar tvil yver Noreens hypotese um ei diftongert form **Saulvér* (jf. fotnote 9), og det finst heller ingi restar av ei slik form i nynorsk.

Konsonantsambandet i midten av namnet, *-lv-*, er som oftast skrive ut, men det finst òg mange døme på at *v*-en (⟨u⟩) vantar. Det gjeld i former med både ⟨a⟩ og ⟨o⟩: ⟨Sale⟩, ⟨Salle⟩, ⟨Soole⟩, men serleg vanlegt er dette etter ⟨au⟩: ⟨Saule⟩, ⟨Saulle⟩. Slike former fører Lind upp under *Sølvi* utan merknad, berre ikkje ⟨Solle⟩, som han fører under *Solli*. Eit sterkt argument for at formene utan *v* er reine skriftvariantar av namnet *Sølvi(r)*, og ikkje t.d. yngre former av namnet *Sørli* med assimilasjon *rl > ll*, er at éin og same person kann vera skriven med og utan *-v-* i ulike kjeldor. Gode døme på det hev me når Solve Tormodsson med tilknytning til Sandsvær vert skriven *Sauli Þormodz son* i 1381 (DN V 321) og *Saulle Þormodsson* i 1407 (DN VII 346), men *Soolue Þormodzson* i 1411 (DN II 619), jf. Lind Suppl., sp. 781, og når Solve Hallvardsson på Helgeland i Lardal vert skriven *Sauli Haluardson* i 1393 (DN X 87), *Solfue Halfuardz son* i 1398 (DN V 380), *Saule a Hæga lande* i RB (s. 70), *Saulue Haluardzson* i 1411 (DN XI 120) og *Saulfua Haluarssyni* i 1415 (DN V 514).¹⁵⁾

Den geografiske distribusjonen av dei ymse formene gjeng tydelegare fram av tabellane nedanfor. Den fyrste gjev tal på formene i materialet fram til og med 1300-talet, medan den andre gjev tal for 1400-talet. (Eg hev valt å sjå burt frå 1500-talet i denne samanhengen.)

15) Det finst tvo gardar med namnet *Helgeland* i Vestfold, ein i Våle og ein i Lardal. I registret åt RB er Solve plassert på Helgeland i Våle, venteleg av di den garden ligg nærast Nykyrkja i Borre, som han gav jord til (fjordungen av *Rogamyre* same stad). Men det er truleg hin garden som er rett, med di Solve Hallvardsson bytte til seg 5 øyresbol i Helgeland i Styrvoll sokn i Lardal frå Toralde Gunnarsson Kane i 1415, mot ein lut i ein gard i Efteløt sokn i Sandsvær. Det høver òg godt med at han hadde jordinteressor i Sandsvær (jf. brevi frå 1398 og 1411, attved det frå 1415), som er granneheradet til Lardal. Endeleg kjem det at ein Hallvard Solvesson selde 20 øyresbol i Helgeland i Lardal til ein Gløder Olavsson i 1441. Dette må vera son åt Solve Hallvardsson, og Solve hev med andre ord truleg ått meir i Helgeland enn dei 5 øyresbol han bytte til seg i 1415. Heimfestingi av ⟨Saule a Hæga lande⟩ i RB hev vorte fylgd i NG VI, s. 84 (med rang sidetilvising til RB).

Tabell 3. Utbreidsla åt dei ulike formene av namnet *Sølvi(r)* i DN frå 1297 til 1399 (medrekna RB).¹⁶⁾

Umråde/ fylke	<i>Soluer</i>	<i>Solue</i>	<i>Sole</i>	<i>Sauluer</i>	<i>Saul(t)ue</i>	<i>Saule</i>	<i>Saulle</i>	<i>Saluer</i>	<i>Sal(t)ue</i>	<i>Sale</i>	Sum
Båhuslen						4				1	5
Austfold	2	1	1			1					5
Akershus			1			2				1	4
Oslo										1	1
Buskerud	1	1				8					10
Vestfold		2		1	8	4	1	1	5		22
Telemark		2			5	1			5		13
A-Agder					1				1		2
Rogaland									4		4
Hordaland		2			3						5
Nidaros									1		1
Jamtland		1							5		6
I alt	3	9	2	1	17	20	1	1	21	3	78

16) Her hev eg talt faktiske døme og ikkje namneberarar som i den seinare tab. 5. Likevel hev eg berre talt eitt døme per skrivemåte i same kjelda. Eg ser burt frå reint grafiske drag, som um *v*-en er skriven ⟨u⟩, ⟨w⟩ elder ⟨fu⟩, og dessutan ser eg burt frå um endingi er ⟨i⟩, ⟨e⟩ elder ⟨æ⟩, og kva for ein kasus namnet stend i. Einstaka former med rotvokalane ⟨u⟩ (⟨Suluer⟩) og ⟨ø⟩ (⟨Sølfuer⟩ o.l.) er førde under dei tilsvarande formene med ⟨o⟩. Eg hev plassert dømi etter kvar brevi er skrivne, og ikkje etter kvar namneberaren truleg høyrer heime (oftast fell dei tvo i hop). Dømi or RB er likevel plasserte etter heimstaden åt namneberaren. Eg hev ikkje teke med den heilt marginale formi ⟨Saalfwe⟩ (Bergen 1338).

Tabell 4. Utbreidsla åt dei ulike formene av namnet *Sølvi(r)* i DN frå 1400 til 1499.¹⁷⁾

Umråde/ fylke	<i>Soluer</i>	<i>Solue</i>	<i>Sole</i>	<i>Sauluer</i>	<i>Saulue</i>	<i>Saule</i>	<i>Saulle</i>	<i>Saluer</i>	<i>Salue</i>	<i>Sale</i>	<i>Salle</i>	Sum
Båhuslen											3	3
Austfold	3											3
Akershus		1				1			1			3
Oslo	2					1			2			5
Buskerud	1	9	3		2	6	1		7	1		30
Vestfold	1	15			1				8			25
Telemark	3	12		2			1					18
A-Agder		2							10			12
V-Agder									11			11
Rogaland									7			7
Hordaland	1	3							1			5
Gbr.dalen								1	2			3
Nidaros									1			1
Jamtland									6			6
I alt	11	42	3	2	3	8	2	1	56	1	3	132

Tabellane stadfester det som er sagt ovanfor um at formene med markering av ljodbrigd vokal (<o>, <au> el. <ø>) er dei vanlege på det sentrale Austlandet og i Hordaland (Bergen og Voss), medan formene med <a> er heilt dominerande på Agder og i Rogaland og i eit nordaustlegt område i Gudbrandsdalen, Nidaros og Jamtland. Dette mynstret er tydelegt i båe periodane. Formene med halden *-r* finst med eitt undantak ([Vikøy] 1436, DN XXI 358) einast på Austlandet, men dominerer berre i eitt fylke, Austfold: 5 av 8 dømme (i båe periodane samanlagt) hev her *-r*. Ogso skrivemåtane utan *v* (<Sole>, <Saule>, <Saulle>, <Sale> og <Salle>)

17) Her gjeld dei same avgrensingane som i tab. 3. Einskilde heilt marginale former er ikkje tekne med i tabellen. Det gjeld <Saalfue- > (Sigdal 1448), <Sofuæ> (Åsland, Telemark 1449), <Soule> (Modum 1478). Tvo dømme på formi <Sølfuer> frå Austfold og eitt dømme på <Sølfue> frå Telemark er førde under dei tilsvarende skrivemåtane med <o>.

syner eit tydelegt geografisk mynster: Dei finst berre på Austlandet. Allra vanlegast er dei i Båhuslen; der er alle 8 døme av denne typen (⟨Saule⟩ 4 gg., ⟨Sale⟩ 1 g., ⟨Salle⟩ 3 gg.), fylgt av Akershus, der 5 av 7 døme vantar *v* (⟨Sole⟩ 1 g., ⟨Saule⟩ 3 gg., ⟨Sale⟩ 1 g.), og Buskerud, der 19 av 40 døme vantar *v* (⟨Saule⟩ 14 gg., ⟨Saulle⟩ 1 g., ⟨Sole⟩ 3 gg., ⟨Sale⟩ 1 g.). I dei hine fylki er det mykje minder av det, soleis i Vestfold 5 av 47 døme utan *v* (⟨Saule⟩ 4 gg., ⟨Saulle⟩ 1 g., alle i den eldste perioden) og i Telemark berre 2 av 31 døme (⟨Saule⟩, ⟨Saulle⟩).

Dersom me jamfører dei tvo periodane, finn me at dei *v*-lause formene serleg er nytta i den eldste perioden. Då utgjer dei 33 prosent av det samla talet på døme (26 av 78), medan dei i den yngste perioden utgjer berre 13 prosent (17 av 132). Desse tali løyner likevel nokre viktuge skilnader millom formene med ulik rotvokal: Det er i formene med ⟨o⟩ og ⟨a⟩ at det er attendegang, frå 12–14 prosent *v*-lause former til 5 prosent, medan det for formene med ⟨au⟩ er ein auke i kastingi av *v*-en: frå 54 prosent i den eldste perioden (21 av 39) til 67 prosent i den yngste (10 av 15). Det me ser, er med andre ord at å skriva ⟨au⟩ stimulerer til å sleppa *v*-en meir enn å skriva ⟨o⟩ og ⟨a⟩. Her er det sjølvstøtt eit problem at alle ⟨Solle⟩-dømi (tab. 1 og 2) er haldne utanfor i tab. 3 og 4, i samsvar med Linds avgrensing av namni. Dersom desse hadde vore rekna med, vilde tali for formene med ⟨o⟩ ha nærma seg deim med ⟨au⟩: 40 prosent *v*-lause former i den eldste perioden (8 av 20) og 35 prosent *v*-lause former i den yngste perioden (28 av 81). Men me ser at då òg vert det å sleppa *v*-en munaleg minder frekvent etter ⟨o⟩ enn etter ⟨au⟩, so at ⟨au⟩ stimulerer til å sleppa *v*-en, er tydeleg nok, anten dette er eit munnlegt eller reint skriftlegt fenomen. Dersom fenomenet er reint skriftlegt, ligg det nære å tenkja på ei forenkling, der den andre ⟨u⟩-en i eit systemrett ⟨Saulue⟩ o.l. vert kasta på grunn av den fyrste, soleis at resultatet vert ⟨Saule⟩ o.l. Derimot er det heilt marginalt å sleppa *v*-en etter rotvokalen *a*; her er berre 12 prosent av namneformene utan *v* i den eldste perioden (3 av 25) og 5 prosent av namneformene utan *v* i den yngste perioden (3 av 61).

Med tanke på at *v*-en kann vanta i skrivemåtar av namnet *Splvi* med både ⟨o⟩, ⟨au⟩ og ⟨a⟩, og einfeld eller dubbel ⟨l⟩ varierer i slike høve (t.d. både ⟨Saule⟩ og ⟨Saulle⟩), burde det ikkje vera noko i vegen for å rekna ⟨Solle⟩ òg for ein grafisk variant til ⟨Solue⟩, på same måte som t.d. ⟨Salle⟩ til ⟨Sal(l)ue⟩ eller ⟨Saulle⟩ til ⟨Saul(l)ue⟩. Eit meir spesifikt argument for at ⟨Solle⟩ kann vera ein skrivemåte av namnet *Splvi*(*r*), gjev eit brev frå

Sandsvør frå 1411 (DN II 619), der ein mann er skriven <Solle> tri gonger, alle gonger der me ventar dativform. Det høver ikkje med at det skulde vera eit eige namn *Solli* eller evt. ei yngre form av *Sorli* – då skulde dativformi ha vore **Solla*. Brevet hev etter måten lite ljodveikjing, berre nokre former på *-æ* (<stemfnæ> attåt <stemfna>), og namni elles hev rett kasusbøygjing, t.d. «Sagde Haluarder till Olafss». Vågslid (1988: 329) er tydeleg merksam på dette og legg til etter dømet: «kann henda til *Salve*». <Solle> kann då vera dativ av den eldre, sterke formi *Solvir*. Den formi er elles kjend frå Sandsvør i 1433 i farsnamnet <Solversson> (DN X 158). Per Nyquist Grøtvedt (1974: 97) tek òg dømet <Solle> frå 1411, attåt eit anna døme frå Follo (nr. 8 i tab. 1 ovanfor), for ein variant av *Solve*. Han kallar deim «uklare former», venteleg av di ein ikkje skulde venta assimilasjon av *lv* til *ll* i norsk (sjå ovanfor).

3.3 Utbreidsla åt namneformene *Solvi(r)* og *Solli* i millomaldere

No er det ikkje berre dei mange *v*-lause skrivemåtane av *Solvi* og dativformi <Solle> frå 1411 som styd upp under hypotesen um at *Solli* berre er eit avbrigde av same namnet. Den geografiske utbreidsla åt desse namneformene dreg i same leid: I kjeldone frå tidi millom um lag 1300 og 1590 er båe mykje godt samla um eit område vest for Oslofjorden: Nedre Buskerud, Vestfold, Grenland og det eigenlege Telemark. I tab. 5 hev eg talt upp alle berarar av namnet *Solvi(r)* i DN, RB og NRJ og skift deim på område/fylke. I lokaliseringi av namneberarane hev eg studt meg på Lind, men hev òg gjort eigne etterrøkjingar, m.a. ved hjelp av namnregistri i DN og RN og elektroniske søk i netutgåva av DN. Eg hev talt kvar mann berre éin gong, og menn som er nemnde i tvo hundradår, er sette i det fyrste. Farsnamn er berre tekne med når dei truleg peikar attende på ein mann som ikkje er med i tilfanget sjølv.

Me ser at dei tri fylki Buskerud, Vestfold og Telemark ligg eit drjukt sprang framum dei hine; samanlagt hev dei helvti av alle namneberarane (89 av 178). Berre Rogaland kann mæla seg med deim, men der er flestalle dømi funne i tiendpengeskatten frå 1520. Attåt kjem det at namneberarane i dei tri fyrstnemnde fylki er samla um visse bygder som ligg nære einannan på tvers av fylkesskili. Det absolutte kjerneområdet er Eiker og Sandsvør i Buskerud, Lardal og Brunlanes i Vestfold og Gjerpen i Grenland. Til saman stend desse fem bygdene for 30 av namneberarane, d.e. 17 prosent.

Tabell 5. Utbreidsla åt karnamnet *Sølvi(r)* frå slutten av 1200-talet til 1590 i ulike område/fylke. Tal med «f» etter seg viser til fundar i farsnamn.

Umråde/fylke	Tal personar	Fyrste fund	1200- og 1300-talet	1400-talet	1500-talet	Siste fund
Båhuslen	7	1331	3	2f	1 + 1f	1568
Austfold	6	1320	4	1f	1	1514
Akershus	4	1348	1 + 1f	1 + 1f		1434
Gudbrandsdalen	1	1405		1		1405
Buskerud	33	1335	5 + 1f	9 + 8f	7 + 3f	1544
Vestfold	29	1318	8 + 5f	7 + 5f	4	1556
Telemark	27	1317	7 + 1f	7 + 4f	6 + 2f	1563
Aust-Agder	12	1348	2	5 + 2f	1 + 2f	1559
Vest-Agder	15	1429f		4 + 3f	5 + 3f	1557
Rogaland	20	1297	3 + 1f	1 + 3f	11 + 1f	1568
Hordaland	7	1303	2 + 1f	2	2	1563
Sogn og Fjordane	5	1520			5	1590
Sunnmøre	2	1507			2	1520
Jamtland	5	1372f	1f	2 + 2f		1449
Uplasserte	5	1323f	2f	1	2	1531
I alt	178		35 + 13f	40 + 31f	47 + 12f	

Det tilsvarande uppsetet for *Solli* vert som i tabell 6 (sjå neste sida, tufta på tab. 1 og 2 ovanfor).

Jamvel um dette tilfanget er mykje mindre, øygnar me det same mynstret som me såg for *Sølvi(r)*. 15 av dei 21 namneberarane høyrer heime i fylki Buskerud, Vestfold og Telemark, og av «kjernebygdene» er både Eiker, Sandsvær, Lardal og Gjerpen representerte. Det er med andre ord ein yverlapp i tilfanget som segjer at namneformi *Solli* helst kjem upp der namnet *Sølvi(r)* er mykje nytta. Me legg dessutan merke til at det berre er i dei umrådi der namnet *Sølvi(r)* som regel vert skrive med «o» (jf. ovanfor), at formi *Solli* kjem upp, medrekna Hordaland (2 gg. i Bergen og 1 g. i Kvinnherad). Alt dette er som ein skulde venta dersom *Solli* var eit avbrigde av *Sølvi(r)*.

Tabell 6. Utbreidsla åt namneformi *Solli* frå 1315 til 1528 i ulike område/fylke. Tal med «f» etter seg viser til fundar i farsnamn.

Umråde/fylke	Tal personar	Fyrste fund	1300-talet	1400-talet	1500-talet	Siste fund
Akershus	2	1387	1	1	1f	1534
Buskerud	7	1404f		3 + 3f ⁽⁸⁾	1	1528
Vestfold	4	1315	1 ⁽⁹⁾	2 ⁽²⁰⁾	1f	1512
Telemark	4	1318	1 + 1f	2		1503
Hordaland	3	1325	1	1 + 1f		1453
I alt	21		4 + 1f	9 + 4f	1 + 2f	

3.4 Einskildmenne

Um me ser på einskildmenni attum tali i tab. 5 og 6, finn me òg nokre moglege samanhengar. Rett nok hev eg ikkje funne noko sikkert døme på at skrivemåtane «Solle» og «Solve» vert nytta um éin og same person, men det finst nokre som *kann* vera det. Til dømes kann den *Solle Thorleff-senn* som er nemnd i 1490 på Nøs i Ål i Hallingdal (nr. 19 i tab. 1), då han stadfeste eit gardsal i Eggjedal i umbod for mori Gudrun Bjørnsdotter, vera den same som *Solue Torleffson*, *Salua Tolleyfson* som er nemnd på Brunlanes i 1448 og 1464 (DN II 781, III 798, X 231), det fyrste året som logrettemann i lag med faren *Torleff Soluason*. Denne faren kann som alt nemnt vera den same som *Tolleff Søllesøn* (nr. 32 i tab. 2), nemnd i eit vitneprov frå Hallingdal som etter DN skal vera frå um lag 1490 (DN XXI 645).²¹⁾ Der gjeng det fram at denne *Tolleff Søllesøn* i lag med tri andre hadde kjøpt nokre gardar i Hallingdal av Jusse Pedersson, og at Svein Arnesson hadde ått dette godset fyrr.²²⁾ Dette gardsalet må ha hendt

18) *Solle Rederszen* og *Lyff Solladaatter / Liffve Solledaatter* hev eg rekna med til Buskerud, med di baa brevi dei er nemnde i, gjeld eigedomstilhøvi åt ein gard i Efteløt sokn i Sandsvær.

19) *Solle Oseson* (nr. 25) høyrer heime i Tunsberg, jf. registret til RN III, s. 403.

20) Eg hev rekna *Solle Ormsson*, nemnd 1438–66 og 1497, for tvo personar, jf. at han som var logrettemann i 1438, må ha vore fødd seinast 1418 (sjå NHL, s.v. *lagalder*) og snaudt var i live so seint som i 1497.

21) Av ein merknad til brevet i DN gjeng det fram at datering i til ca. 1490 er gjord etter kva tid logrettemennene er nemnde i andre brev. Eit betre og meir presist grunnlag for datering i er at vitneprovet i dette brevet etter alt å døma er skrive i samband med ei rettssak i Skien 26. mars 1490 (DN V 948), som galdt dette godset i Hallingdal.

ei god stund fyre dette vitneprovet vart teke upp, og det kann tidfestast meir grannsamst ved å sjå nærare på personane som er involverte. Den Jusse eller Jens Pedersson som selde gardane,²³⁾ var rådmann i Tunsberg i 1446 (DN X 188), slottsfuld same stad i 1452 (DN XI 196) og seinare borgarmeister (DN IX 336, XI 215). Han er nemnd siste gong i 1482 og døydde truleg stutt tid etter.²⁴⁾ Gardsalet kann med andre ord ha gjenge fyre seg seinast i fyrste halvdel av 1480-åri. Sameleis kann det tidlegast ha vorte gjennomført i slutten av 1450-åri, med di jordegodset kom i hendene på Jens Pedersson gjennom fru Kristina Toraldesdotter, som hadde vore gift både med den nemnde Svein Arnesson og med bror åt Jens, Herlaug Pedersson, som er nemnd siste gong i live i 1454 (DN I 831) og som er avliden fyre 8. juni 1459, då broren Jens stadfester eit gardsal Herlaug hadde gjort (DN I 848). Det er med andre ord rom for at den Torleiv Solvesson som er nemnd som logrettemann på Brunlanes ei rad gonger millom 1423 og 1448, kann ha vore den eine kjøparen.²⁵⁾

Ei onnor mogeleg kopling millom namneformi *Solli* og *Splvi(r)* kunde vera at den *Soluer Foquardhsson* som er nemnd i 1471 (DN I 893) då han fekk landsvist av di han og ein Åsbjørn Olavsson hadde vore til stades då Brynjulv Folkvardsson (broren?) drap ein Audun Torkjellsson, var son til Folkvard Solleson, nemnd i tri brev frå Telemark, i live i 1388 og 1397, men avliden i 1427 (jf. tab. 1). Det skulde høva godt med oppkallings-

22) I attgjevingi i DN stend det *Ewen Arnesson*, men det må vera rangt for *Swen Arnesson* (jf. Christiansen 2000: 216).

23) *Jusse, Jøsse, Jesse* er opphavleg ei «smekform av **Iæns, Iøns**» (Lind, sp. 666).

24) Per Reidar Christiansen (1999: 8–11) skriv um Jens Pedersson og familien hans. Han tek likevel i miss når han skriv at 1474 «vel er siste gang Jens Pedersson nevnes» (s. 11), for den *Jvs Pedhersson* som er med og dømmer um ei arvetretta i Skien i 1475 (DN II 896), og den *Jussæ Person a vapin* som er ein av tolv logrettemenn som skifter eit jordegods i Skienssysla i 1477 (DN III 919), må helst vera same karen. Det same gjeld den «*Nissa Person a vapn*» som ferdar ut eit brev på Mæla 8. april 1482 (DN XII 250), der skrivemåten «*Nissa*» kjem av ei feillesing i diplomatariet av «*Jussa*» i originaldiplomet. Av tillegget *á vápn* ser me at Jens var adeleg og væpnar (jf. Christiansen 1999: 10).

25) Det er eit visst samband millom Torleiv Solvesson på Brunlanes og Herlaug Pedersson i det at bâte, attåt ein Guttorm Eindridesson, var skuldmenn til ein Øyvind Brands-son, som var avliden fyre 1426 (DN I 710).

seden, men spranget i tid er litt langt.²⁶⁾ Landsvistbrevet segjer ikkje noko um heimstaden åt mennene, men den kann godt vera Telemark, endå um brevet er skrive i Tunsberg. Dei fleste dømi på namnet *Folkvarðr* hjå Lind (sp. 279) er frå Telemark, Vestfold eller Nedre Buskerud, det same området som *Sølvi(r)* er vanlegt, so slik sét må det ikkje vera skyldskap for det um det er namnelikskap.

Enno kann det tenkjast fleire samband millom *Sollar* og *Sølvar*. Til dømes kann *Solle Rederszen*, nemnd i brev frå Lardal og Sandsvær i 1449 (sjå tab. 2), vera son åt den *Ræidar* som var millom deim som tok arv etter *Sallua a Tuneæimum* (Tanum i Lardal) i 1376 (DN VIII 198).

3.5 Fyrebils konklusjon um *Solli* og *Sølvi(r)*

Ovanfor hev eg freista å gjera det rimelegt at namneformi *Solli* er eit avbrigde av namnet *Sølvi(r)* i millomalderkjeldone. Det er ikkje med di sagt at dette er ei genuin uttaleform av namnet; det kann godt vera berre éin av mange mogelege skrivemåtar av namnet. Eit problem med å tolka <Solle> som ein uttalevariant av *Sølvi*, og evt. å føra det nynorske namnet *Solle* (*Sølle*) attende på denne varianten, er at det set fyre ein assimilasjon *lv > ll* som elles er so godt som ukjend i norsk, endå han er godt etablert i dansk (jf. Myrvoll 2005: 29). I eldre dansk er soleis formi *Salle* funni attved *Sølwæ* o.l. (DgP, s.v. *Salli*, *Sylfa*), og denne formi skal òg vera kjend frå gamalsvensk (Kousgård Sørensen 1989: 5).²⁷⁾ I minsto i Valdres, som er den eine staden Aasen (1878: 36) heimfester det nynorske namnet *Solle/Sølle* til, skulde den tjukke *l*-en ha hindra slik utjamning (*/²sørve/* kann ikkje verta **/²søle/*, like lite som */sarve/* kann verta **/sale/*). Det einaste måtte vera um namneformi var lånt frå Vestlandet, frå Sogn der namnet elles er funne, men på Vestlandet òg er grunnlaget for ein assimilasjon *lv > ll* magert, serleg i innljod som her (atter jf. Myrvoll 2005).

Ein annan – og lettare – veg å koma til *Solli* frå *Sølvi(r)* på, er å rekna *Solli* for ei upphavleg kjæleform. Det er velkjent at konsonantsamband vert forenkla i kjælenamn, jf. vanlege døme som *Hasse* av *Hans*, *Lasse*

- B&L = Bjorvand, Harald & Fredrik Otto Lindeman 2019: Våre arveord. Etymologisk ordbok. 3. utgave. (Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Ser. B: Skrifter CV). Oslo.
- BØ = Hoel, Kåre 1994–: Bustadnavn i Østfold. Utgitt ved Margit Harsson og Tom Schmidt. 1–. Oslo.
- Campbell, Alistair 1969: Old English Grammar. Oxford.
- Fritzner = Fritzner, Johan 1883–96: Ordbog over Det gamle norske Sprog I–III. Omarbeidet, forøget og forbedret Udgave. Kristiania.
- Grønvik, Ottar 1985: Runene på Eggjasteinen. Oslo.
- Grønvik, Ottar 1996: Fra Vimose til Ødemotland. Nye studier over runeinnskrifter fra det 6. århundre. Oslo.
- Hellquist, Elof 1948: Svensk etymologisk ordbok. 3. opplagan Lund.
- IEW = Pokorny, Julius 1959: Indogermanisches etymologisches Wörterbuch. Bern –München.
- Kroonen, Guus 2013: Etymological Dictionary of Proto-Germanic. (Leiden Indo-European Etymological Dictionary Series. Edited by Alexander Lubotsky. Volume II). Leiden – Boston.
- KZ = Zeitschrift für vergleichende Sprachforschung auf dem Gebiete der indogermanischen Sprachen, begründet von A. Kuhn.
- LGLOS = Lexikon der älteren germanischen Lehnwörter in den ostseefinnischen Sprachen. 1–3. Begründet von A.D. Kylstra, fortgeführt von Sirkka-Liisa Hahmo, Tette Hofstra, Osmo Nikkilä. Amsterdam – Atlanta 1991–94.
- Lundahl, Ivar 1931: Ordet *mo* och dess etymologi. I: Minnesskrift utgiven av Filologiska samfundet i Göteborg på trettioårsdagen av dess stiftande den 22 oktober 1930. (Göteborgs Högskolas Årsskrift 36. 1930: 3.). Göteborg. S. 20–37.
- Lundahl, Ivar 1974: Ortnamnen i Jönköpings län. Del II Mo härad. Bebyggelsenamn. Uppsala.
- Magnússon, Ásgeir Blöndal 1989: Íslensk orðsifjabók. Reykjavík.
- NG = Oluf Rygh: Norske Gaardnavne. Oplysninger samlede til Brug ved Matrikelens
- Revision. I–XVIII. Kristiania 1897–1924. Fællesregister ved Albert Kjær. Oslo 1936.
- Noreen, Adolf 1911: Tiveden ock tibast. I: Festskrift til H. F. Feilberg (= MM 1911. S. 273–84.
- NSL = Norsk stadnamleksikon. Redigert av Jørn Sandnes og Ola Stemshaug. 4. utgåva. Oslo 1997.

- Olsen, Magnus 1915: Hedenske kultminder i norske stedsnavne. (Videnskaps-selskapets Skrifter, II. Hist.-filos. Klasse. 1914. No. 4). Kristiania.
- Olson, Emil 1915: Om behandlingen av urgerm. *hw* i de nordiska språken. I: ANF 31. S. 1–25.
- Qvigstad, Just Knud 1938: De lappiske stedsnavn i Finnmark og Nordland fylker. (Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Ser. B. 33). Oslo.
- Seebold, Elmar 1967: Die Vertretung von idg. *g^wh* im Germanischen. I: KZ 81. S. 104–133.
- Skomedal, Trygve 1980: Synkope, omlyd og bryting i nordisk. I: The Nordic Languages and Modern Linguistics. Proceedings of the Fourth International Conference of Nordic and General Linguistics in Oslo 1980. Edited by Even Hovdhaugen. Oslo. S. 120–139.
- SNL = Store norske leksikon: <https://snl.no>
- SOL = Svenskt ortnamnslexikon. (Utarbetat inom Institutet för språk och folkminnen och Institutionen för nordiska språk vid Uppsala universitet). Andra reviderade upplagan. Redaktör: Mats Wahlberg. Uppsala 2016.
- Særheim, Inge 2001: Namn og gard. Studium av busetnadsnamn på *-land*. (Tid-vise skrifter. Humaniora, kunst og estetikk. Nr. 38). Høgskolen i Stavanger.
- Torp, Alf 1919: Nynorsk etymologisk ordbok. Kristiania.
- Aasen, Ivar 1873: Norsk Ordbog. Christiania.

Jomfruland, Jungfrun, Landegode og Godøya på Sunnmøre – ikkje farlege, men reine og gode?

Av Eldar Heide

This article presents new explanations for the following names: Godøya in Sunnmøre, Western Norway; Jomfruland on the Norwegian Skagerrak coast, Jungfrun in Kalmarsund, Sweden; and Landegode, which has been used about three separate Norwegian islands: the mentioned Jomfruland; Svinøya north of Stad, Western Norway; and Landegode near Bodø, Northern Norway. The traditional explanation is that the three Landegode islands together with Jungfrun are particularly dangerous places within the coastal waters and that the names are placating names that were used in order to appease the powers thought to reside there and let sailors pass without any trouble. However, the claim that these islands are dangerous places does not stand up to scrutiny. What distinguishes them, together with the island of Godøya in Sunnmøre, is quite the contrary: They are natural navigation marks surrounded by clear waters, free of skerries and reefs, so that sailors are able to steer towards them in order to avoid any sub-surface dangers. This must have been invaluable in times before sea charts, compass and more advanced navigational aids. My suggestion therefore is that the name Landegode, 'the good land', is to be understood literally: The three Landegode islands are places that are good, in the sense of helpful, for sailors. The name Godøya in Sunnmøre, derived from Guðey 'god-island', is, I believe, to be understood in a similar way – the difference being that, here, the easy approach from the sea was considered so useful that it was linked to the gods. Regarding Jomfruland 'Virgin-Land' and Jungfrun 'The Virgin', my suggestion is that a wordplay is at issue: These islands are either flanked or surrounded by clear waters, which in Norwegian and Swedish is

expressed as ‘clean waters’, while virgins were said to be ‘clean’ in former times.

I. Bakgrunn

På Norskekysten er det tre øyar vi kjenner til har kunna kallast *Landegode*, av **Landit góða*, ‘det gode landet’. Den eine har ikkje anna namn i dag, det er Landegode nordvest for Bodø. Den andre er Svinøya i havet nord for Stad, og den tredje er Jomfruland på Telemarks-kysten (Rygh 1905: 201, Kjær og Rygh 1914: 45). Dessutan er det to skjer med namnet *Landego(de)* på Nordvestlandet; dei kjem eg att til nedanfor. Øynamnet *Landegode* (som burde ha stavast *Landetgode*, jf. *Holmengrå*, fotnote 19) blir allment forklart med at desse øyane er spesielt farlege for skipsfarten i leia langs kysten (Rygh 1905: 201, Helland 1908: 468, Kjær og Rygh 1914: 45, Solheim 1940: 133 ff., Hovda 1954, Gudbrandson 1978: 351, Finstad 1991: 45-47, 103; Dannevig 1993: 32, Stemshaug 1997, Aune 1997). Oluf Rygh viser til Peder Claussøn Friis, som i *Norriges Beskrivelse* frå 1613 seier:

Norske Skibsfolck, aff nogen Superstitz oc Vonne,¹⁾ ville icke neffne det Land Jomfruland, naar de ere under Segel, før end de hafue seiglet der forbi, men kalde det Landet gode, huilcken Superstitz de oc observere met flere Orter. (Friis 1881: 298, Kjær og Rygh 1914: 45, jf. Rygh 1905: 201)

Dette kommenterer Rygh slik:

Det er nok, eller har ialfald været en meget almindelig Overtro blandt Sømænd og Fiskere, at forskjellige Ting ikke maatte nævnes med sine sædvanlige Navne, naar de var paa Søen, formodentlig en Levning af hedensk Tro paa onde Vætter, hvis Magt man haabede at kunne undgaa, hvis man ikke gjorde dem opmerksomme ved at nævne dem selv eller Gjenstande, hvortil deres onde Hensigter knyttede sig, medens man haabede at kunne formilde dem ved at bruge smigrende Navne istedetfor de egentlige. De tre Øer ligger alle saaledes i Leden,

1) Det er «vantro», seier Storm i utgåva, Friis 1881, s. 298, fotnote 3.

at de maa have været mere end almindelig farlige for Kystfarten i ældre Tid. (Kjær og Rygh 1914: 45)

Blant dei som har slutta seg til dette synet, er Solheim i si gransking av nemningsfordomar på sjøen (1940: 133). Han seier det er «tydeleg [i Friis-sitatet] at dei [sjøfarande] hadde otte for» Jomfruland, og brukar ordet «godnemne» om slike smigrande nemne som ein meiner *Landegode* og *Jomfruland* er. Om det siste namnet er Hovda meir konkret: «Då kristendomen kom, bad dei til Jomfru Maria om å koma framom, og slik kom namnet J[omfruland] opp». Og bakgrunnen for godnemnebruken var «det ureine og farlege farvatnet» ved Jomfruland, presiserer Hovda (1954).

Det er ingen tvil om at namna *Landegode* og *Jomfruland* er gjevne i staden for namn folk ville unngå å nemne. *Jomfruland* heitte på gammalnorsk *Aur*,²⁾ som tyder ‘grus’ (øya er ein del av morenen Raet) og vart altså fortrent av *Jomfruland*, og som vi har sett, sa Friis at sjøfolk på hans tid unngjekk også *Jomfruland*, og sa *Landegode*. Om Svinøya seier Hans Strøm i *Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør* frå 1762: «*Landego* kaldes i Almindelighed den ubeboede Øe, eller store Holm, som ligger netop 1 Miil i Vest fra Skorpøe, lige ud i det vilde Hav [...], men ellers kaldes den ogsaa Sviinøe [...], item Stor-skjæret» (sitert etter Solheim 1940: 133). *Landegode* ved Bodø (lokal uttale /lapgu:/) heitte truleg frå gammalt av *Gygerøya*, etter den karakteristiske fjellnabben *Landegodekjerringa* i tinden *Gjura* sørvest på øya (Gudbrandson 1978: 351-53). *Gjur* er ein variant av *gyger* (til liks med /¹jy:ver/, /jy:r/, *gjuger*), og *Gjura* må opphavleg ha vore namn på *Landegodekjerringa*.³⁾ Frå tidleg på 1900-talet har vi opplysningar om at truleg minst to personar har kjent tradisjon om at øya heitte /²jigerøya/ og at dette var eit forakteleg namn ein ikkje skulle seia høgt (ibid).⁴⁾ At

2) *Hákonar saga Hákonarsonar I. Bøglunga saga* 2013: 35, 111, 153; *Hákonar saga Hákonarsonar II. Magnúss saga lagabætis* 2013: 86, 296. I desse utgåvene er namnet normalisert *Aurr*, venteleg fordi appellativet var hankjønn og dermed hadde ein ekstra -r i nominativ. Men truleg er stadnamnet ei hokjønnsform som er avleidd av hankjønnsordet, Kjær og Rygh 1914: 45.

3) Om namn på -*gjura*, -*kjerringa* osb., sjå Myrvang 2014 og 2016.

4) Takk til Finn Myrvang og Petter Snekkestad for tips om *Gygerøya*. Det Gudbrandson (1978: 351) seier, er dette: «Det er egentlig bare ett sted en kunne gjøre seg et ørlite håp om at gammelnavnet på Landego skulle være husket: på øya sjøl. Og noen måtte da ha lyttet til den generasjonen som ennå stod i en levende muntlig tradisjon. Her

/ˈjiger/ i namnet er ei anna form enn /ju:r/, gjer desse opplysningane truverdige. /ˈjiger/ kan ikkje vera utleidd av namnet *Gjura*, men kan forklarast slik at ei eldre form har overlevd i samansetjing. (Den gammalnorske forma var *gýgr*.)

II. Er Jomfruland og Landegode-øyane spesielt farlege stader i leia?

Grunnen til at eldre namn på desse øyane vart erstatta, skal altså vera at dei var spesielt farlege for skipsfarten. Men det er vanskeleg å sjå at farvatnet forbi desse tre øyane er farlegare enn farvatnet før og etter når ein passerer dei i leia. *Den norske los* seier ingen stad at Jomfruland, Svinøya eller Landegode er spesielt farlege stader i leia.⁵⁾ Losen har kart med markering av farlege kyststrekningar baserte på «en omfattende rundspørring blant [...] loser» og «Fiskeriorganisasjonene». Desse områda «utmerker seg ved uheldige kombinasjoner av strøm, bølger og bunntopografi». Eit slikt område er Stadhavet, der det både er vêrhardt og straum som er strid fordi han blir pressa rundt Staden. Liknande er det utanfor Lista, der straumen i tillegg ofte går i kvervlar, og havbotnen stig brått frå mesta 400 meters djup. (*Den norske los 1* 2018: 146, 162, *Den norske los Stad - Rørvik* 2018: 33) Både Jomfruland, Landegode og Svinøya ligg ved, men utanfor, slike farlege område. På kartet i losen er det avmerka eit slikt område litt nordaust for Jomfruland, utanfor halvøya som ligg mellom Langesundsbukta og Oslofjorden, med start rundt ei landmil aust for Jomfruland (ibid: 163, 163). Jomfruland stikk då heller ikkje ut, som Lista, Stad og den nemnde halvøya. Jomfruland ligg inne i ei open bukt på linja mellom Hvasser og Risør; havbotnen stig slakt opp mot land, og det skal ikkje vera spesielt mykje straum der. Ved Landegode

ligger Harald Kvigs innsats. Husmannsdattera Johanna Kristiansdatter fra Naustvika på Selnes (1845–1927) var gjennom et langt liv taus på Kvig [som er ein gard på austsida av øya]. *Gammel-Johanna* var den fødte forteller og levde med i fortidas forestillingsverden. Hun var det som etter å ha skottet seg omkring *liksom kviskra at Landego var ikke rette navnet, at Landegokjerringa kaltes Gigra og at øya egentlig het Gigrøy*. Og da Harald Kvig så spurte stefaren om han visste noe om dette, var det liksom *Johan Pettersso*’ slengte det fra seg: *Giggerøy!*» Etter «...*egentlig het Gigrøy*» er det ein fotnote: «Etter *Harald Kvig*, Kvig.» Som vi ser, er det ikkje opplyst kva tid Harald Kvig hørde dette. Men han var fødd i 1908 (ibid: 458), og når Gammel-Johanne levde til 1927, var det kanskje på 1920-talet? Kvig skal ha gjeve Gudbrandson mykje stoff under arbeidet med boka, altså på 1970-talet (ibid: 8).


- 5) *Den norske los 1* 2018, *Den norske los Langesund – Jærens rev* 2018b, *Den norske los Stad – Rørvik* 2018, *Den norske los Rørvik – Lødingen og Andenes* 2018.

er det eit farleg område markert på nordsida, det startar rundt ei landmil utanfor øya og strekker seg innover Vestfjorden mot Lødingen. På Stadhavet er det farlege området markert frå like sør for Svinøya (*Den norske los Langesund - Jærens rev* 2018a: 44, *Den norske los Stad - Rørvik* 2018: 33, *Den norske los Rørvik - Lødingen og Andenes* 2018: 28). På grunnlag av opplysningane i losen, ser det altså ikkje ut til at sjølve dei tre Landegod-øyane (Landegode, Svinøya og Jomfruland) er spesielt farlege stader.

Det avgjerande er likevel forlisstatistikken. Det ligg vrak langs heile kysten, for både havet og heile kysten er farlege. Spørsmålet er om fleire skip har forlist ved dei tre Landegod-øyane enn på kyststrekningane før eller etter dei. Det er vanskeleg å finne utfyllande og samanliknbare data om forlis, men noko har vi, fyrst og fremst frå Skagerrakkysten, som eg derfor har konsentrert meg om. Dannevig 1993 har laga eit oversyn over forlis langs Sørlandskysten frå 1700-talet til vår tid, frå Stapnes ved Egersund til Stråholmen nordaust for Jomfruland. Forlisa han kjenner til, har han markert på kart. Dessverre ser det ut til at dekninga hans varierer sterkt. Ved Jomfruland har Dannevig markert berre eitt forlis, medan Finstad (1991: 108), som har konsentrert seg om Jomfruland, har tjuete der. Sjå Figur 1.


Dei forlisa Finstad fører opp, utgjer likevel berre drygt 70% av det antalet forlis per kilometer som Dannevig har teikna inn utanfor Tromøya (Figur 2), nemleg 2,7 per km, mot 3,9 (då er telt med to til hos Dannevig som er på same strekning, men som pga. det skrå utsnittet er på neste kart). Sørvest for Lillesand er det like tett med forlis på kartet til Dannevig som utanfor Tromøya, og nesten det utanfor Mandal. Utanfor Lista er det dobbelt så tett som utanfor Tromøya (Dannevig 1993: 367, 371, 375, 379). Berre på 8 av dei 18 kartutsnitta til Dannevig er det vesentleg færre forlis per km kyst enn det er på Finstad sitt kart over Jomfruland (ibid: 364-81). Når vi vurderer desse tala, må vi ta med at det heilt sikkert manglar (mange?) fleire forlis per km kyst hos Dannevig enn hos Finstad. Dannevig si dekning av Jomfruland (berre eitt forlis) er eit slående døme på det, og årsaka er sjølvsaugt at medan Finstad har konsentrert seg om 10 km kyst, har Dannevig prøvd å undersøke ei kyststrekning som er 25 gonger så lang. Uansett ser det ikkje ut til at Jomfruland er farlegare enn kysten lenger sørvest.

Forlis ved Jomfruland. Oversikten
gjør ikke krav på å være fullstendig. F
= forlis, S = stranding.



Figur 1. Forlis ved Jomfruland frå 1700-talet til vår tid, ifølgje Finstad 1991: 108. Målestokk er ikkje oppgjeven, men kartet dekker ikr. 10 km av kysten.

Det same inntrykket får eg når eg jamfører med kysten nordaust for Jomfruland. Det neste kystpartiet som stikk ut, er halvøya mellom Lange-sundsbukta og Larviksfjorden. Utanfor den strekker Rakkebåane seg opp-



Figur 2. Forlis ved Tromøya med omland, ifølgje Dannevig 1993: 78. Målestokk er ikkje oppgjeven, men kartet dekkjer ikr. 15 km av kysten.

imot fire km til havs. Der skal det vera «registrert 13 forlis eller vrak» frå 1695 til vår tid (Nyhus 1999: 470). Det er ei kyststrekning på drygt 3 km. Då blir det over fire forlis per km, altså meir enn utanfor Tromøya (i Figur 2). Heller ikkje i dette tilfellet er det godt å veta om statistikken er komplett; truleg er han ikkje det, sidan forlis er ein bi-ting i kjelda eg har funne.⁶⁾

Når vi vurderer kor farleg Jomfruland er, er det òg eit moment at «ved de strandinger og forlis en kjenner til fra Jomfruland, blir det meldt om få tap av menneskeliv. Det kan komme av at skutene ikke blir brukket ned med en gang. De kjører seg gjerne fast i leirgrunnen under rullesteinsbeltet og blir stående der», slik at mannskapet kan bergast (Finstad 1991:

6) Dette er likevel den beste eg har funne med å søke etter «Rakkebåene» / «Rakkebåene» kombinert med «forlis» på Nasjonalbiblioteket si teneste bokhylla.no, som skal omfatte alle bøker utkomne i Noreg bortsett frå dei aller siste åra.

103, jf. s. 11). «Leirgrunnen» og «rullesteinsbeltet» dreiar seg om at Jomfruland er ein morene, ulikt Skagerrakkysten elles.

Fornminnedatabasen Askeladden (<https://askeladden.ra.no/>) kan ikkje hjelpe oss noko særleg med spørsmålet om Jomfruland er spesielt farleg. Rett nok omfattar han vrak òg, men forlis kjende frå skriftlege kjelder er ikkje med, dersom vraket ikkje er påvist. Dessutan verkar det som registreringa er svært ujamn. Det ser ut til at fyrst og fremst vrak som ligg svært grunt eller heilt oppi fjæra er med, og det ser ut til at strandkyst er underrepresentert, kanskje fordi vraka overlever kortare der (fordi havet står rett på), eller sig ned i lausmassane. Så når basen ikkje har registrert eit einaste vrak langs Jomfruland, men ein heil del i tilgrensande område, er det uvisst kor stor vekt ein kan leggja på det. (På kyststrekningane ved Svinøya og Landegode er det så spreidd og tilfeldig med registrerte vrak at det ikkje er til noka hjelp.)

Konklusjonen av gjennomgåinga blir likevel at det er vanskeleg å gå med på at Jomfruland har skilt seg ut på Skagerrakkysten som spesielt farleg. Snarare tvert imot, dersom vi tek høgd for at tala vi har for forlis ved Jomfruland truleg er mykje meir komplette enn dei vi har frå kysten nordaust og sørvest for Jomfruland.

Ser vi nærare på Friis-sitatet, så seier han heller ikkje at Jomfruland er spesielt farleg. Han seier berre at sjøfolk pga. overtru unngår rette namnet når dei seglar i området der, til dei har lagt Jomfruland bak seg. Respekt kan ha anna årsak enn fare, og som vi skal sjå nedanfor, finst det ei god, alternativ forklaring. Om Svinøya, seier Hans Strøm i *Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør* frå 1762:

Landego kaldes i Almindelighed den ubeboede Øe, eller store Holm, som ligger netop 1 Miil i Vest fra Skorpøe, lige ud i det vilde Hav, og meenes at være kaldet saa, fordi det er den første Øe, som falder de Seilende i Sigte, naar de komme Sønden fra over Stat-Havet, og altsaa for dem kan ansees som et godt Land, eller som et *Caput bonæ Spei* [d.e. ‘Kapp det gode håp’] (sitert etter Solheim 1940: 133).

Strøm seier altså ikkje at denne øya blir kalla *Landego[de]* fordi ho er det motsette av god og derfor må *kallast* god. Han seier at ho er god i faktisk meining. Kanskje kan det med «Kapp det gode håp» òg tolkast i lys av at

sjøfarande som kjem sørfrå er ferdige med det verste når dei passerer Svinøya, slik det går fram av *Den norske los*.

III. Godøy-ane på norskekysten

Så vidt eg kan forstå, er alle tre Landegod-øyane gode i faktisk meining. Det er eg komen fram til gjennom namnet *Godøya* på Sunnmøre. Det er tre øyar også med det namnet på Norskekysten, og for å koma til poenget med *Godøya* på Sunnmøre, må eg gå inn på korleis dette namnet bør forståast i kvart tilfelle. Dei tre øyane er den på Sunnmøre, ei ved Bodø og ei i Sunnhordland (Olsen 1905: 13-14, 28, fotnote 1; Rygh 1905: 209, Rygh 1908: 188, Olsen 1910: 171-72). *Godøya* i Salten, tradisjonell uttale /¹gøya/, er nemnd i tradisjonen rundt Raud den ramme (*Rauðr inn rammi*) i dei ulike versjonane av *Soga om Olav Tryggvason*, overleverte frå 12–1300-talet (m.a. *Óláfs saga Tryggvasonar* 1941: 324–28, Rygh 1905: 209). Då er det brukt både eintalsform, *Goðey*, og fleirtalsform, *Goðeyjar*. Det siste er ei fellesnemning for øyane *Gylling* og *Hæring*, tydelegvis dagens Knapplundsøya og Straumøya, på aust- og vestsida av Saltstraumen (i same følgd).⁷⁾ *Goðeyjarstraumr* (med eintalsgenitiv *-ar*, altså av eintalsforma *Goðey*) er straumen på nordsida av desse øyane, mellom dei og fastlandet, seier sogene (*Óláfs saga Tryggvasonar* 1941: 328). Då må vera meint sundet som har same namnet i dag, *Godøystraumen*, mellom grenda *Godøya* på Knapplundsøya og fastlandet, som det i dag renn lite vatn gjennom, sidan det er tørt på fjære, på grunn av landhevinga. Den gammalnorske *Goðey*, i eintal, må då vera Knapplundsøya og grenda *Godøya*. *Godøya* på Sunnmøre, tradisjonell uttale /¹gøyna/, er heimla som *Gudey* og *Guden* på midten av 1300-talet (Rygh 1908: 188). *Godøya* i Sunnhordland, tradisjonell uttale /¹gøyu/, er fyrst heimla i 1519, som *Gudøn*. Fleirtalsforma *Gøyena* er den som er mest brukt i daglegtale i moderne tid, og dekkjer klynga av småøyar som *Stora-*

7) Namnet *Gylling* finst framleis i samansetjinga *Gillesvåg*, som er eit gardsnamn, av *Gillingsvåg* (af *Giællingswage* hos Aslak Bolt 1432–33). Fjorden Fjellvika / Elvfjorden har då tydelegvis heitt **Gyllingsvågr* / **Gillingsvågr* (Myrvang 2019: 277). «Gilling- svarar til sørsam. *jillege*: i vestleg lei, ‘vesterut’», seier Myrvang (ibid), og det høver med landskapet.

Gøyo og *Vetla-Gøyo* inngår i (Drange 1989: 387).⁸⁾ I alle tre tilfella meiner ein det er gammalnorsk *godð / guð* n./m. ‘gud’ som ligg bak, slik at namna vitnar om førkristen kult.⁹⁾ Det meiner eg er rimeleg også i det sunnhordlandske tilfellet. Skrivemåten med *-u-* peikar eintydig mot substantivet, ikkje adjektivet *góðr / god*, og det er vanskeleg å sjå kvifor skrivarane på 1500-talet skulle valt *-u-* om det ikkje bygde på ein eldre, no tapt skrifttradisjon med *-u-*, og/eller uttale med *-u-*. Å finne på ein skrivemåte *Gudøn* ville vel på 1500-talet verke småblasfemisk, samtidig som **Godøn*, forstått som ‘den gode øya’, ville gjeve god mening. Etter at Oliver Grimm i 2011 gav ut ein artikkel om desse øyane, med arkeologisk utgangspunkt, har eg grunna på kva religionshistoriske tankar som ligg bak kvart av namna.

Det kan i prinsippet vera to slag årsaker til at ein stad har fått eit sakralt namn: Årsaker i samfunnet, og årsaker i naturen / landskapet ikring. Ei årsak i samfunnet kan vera at ein storbonde eller hovding var så mektig at han kunne krevja å ha kult på sin gard, derfor bygde han kultbygning på garden, og fastsette at felleskulden i bygda skulle skje der, ikkje der kulden hadde vore før. Eller: Den garden var uansett ein naturleg samlingsstad, sidan hushaldet var så stort og mykje av aktiviteten i bygda var knytt til den garden. Eit vestnorsk døme på årsak i landskapet er truleg *Gudvangen* ‘gudeenga’ ved *Nærøyfjorden*, der føreleddet *Nær-* truleg er gudenamnet *Njord* (Olsen 1915: 132, Kjær 1919: 119 f.). Bakgrunnen for namna er etter alt å døme at landskapet der er noko heilt utanom det vanlege, jamvel i vestnorsk målestokk (jf. von Sydow 1926, Bäckman 1975: 92): Fjellveggene stig meir eller mindre loddrett 14–1500 m opp, og det er så trangt mellom dei at når ein ror fjorden, kjennest det mesta som ein kan ta borti land med årane på begge sider. Ein annan heilag stad som er spesiell frå naturen si side, er den vesle øya *Äjijih / Ukonsaari* (enaresamisk / finsk) i Enaresjøen i Nord-Finland. Namna tyder ‘foregudøya’, og øya skil seg ut med å vera den einaste av tusentals øyar som ikkje er låg, men reiser seg bratt 30 m over vatnet (Manker 1957:

8) I Heide 2013: 50 står: «Småøyane nordaust for Tynesgardane [= det opphavlege Týsnes] heitte på gammalnorsk *Godeyjar* ‘gudeøyane’» – som altså er feil. Feilen er oppstått av dagens fleirtalsform og samanblanding med *Goðeyjar* i Salten.

9) Olsen 1905: 13 f., 28, fotnote 1; Rygh 1905: 209, Rygh 1908: 188, Olsen 1910: 171 f., Grimm 2011.

292, plansje 338–40). Slike stader som skil seg ut i landskapet er ofte turistmagnetar i dag, fordi dei gjer inntrykk – stundom som om det er ei ubestemmelege kraft der, av førmoderne menneske gjerne oppfatta som eit guddomleg nærvære, og staden dermed som heilag. – Her har eg skissert ytterpunkt av dei to årsakstypane. I praksis er det vanlegvis ein kombinasjon av naturårsaker og samfunnsårsaker: Hovdinggarden i ei bygd har hovdingen og det store hushaldet fordi garden ligg midt i bygda, på den beste jorda, ved den beste eller einaste hamna, osv. Konsentrasjonen av sakrale stadnamn på halvøya mellom Nordfjorden og Sælabonn i Tyri-fjorden kan stå som døme på det, når det gjeld god jord og sentralt lægje. Nærøyfjorden / Nærøydalen skil seg ut i samfunnet òg, ferdslveggen som går der har alltid vore eit uvurderleg bindeledd mellom bygder og regionar. Men kva er det med Godøy-ane som har gjort at akkurat dei har fått namnet ‘gudeøya’?

Grimm spør ikkje direkte om det, han ser meir generelt på kva som er spesielt med desse stadene. Her er hovudpunkta i det han dreg fram: Godøy-ane på Sunnmøre og i Salten «are found in areas that stand out both topographically and archaeologically» (Grimm 2011: 185). Sunnmørs-Godøya høyrer til ei øygruppe med godt jordbruksland og godt fiske ikring, og på øya er det ein romartidshaug med diameter på 37 m og gravgods som er rikt også i nordeuropeisk samanheng. Giskeætta, som var svært mektig i mellomalderen, heldt til på naboøya, og mindre enn to mil innover i landet vart Borgundkaupangen etablert (ibid: 176, 180 f.). Når det gjeld Salten, seier Grimm at det ikkje er «outstanding archaeological monuments» på sjølve Godøya, men at det er det på nordsida av Godøystraumen, i grenda Godøynes, og på Straumøya, og elles i Salten. Til gjengjeld seier sogene at stormannen Raud den ramme sat på *Goðey*. Og så går «the most powerful tidal stream in the world» mellom *Goðeyjar*, peikar Grimm på (ibid: 179, 182). Når det gjeld Sunnhordland, framhevar Grimm at namnet **Goðey* høyrer til ein konsentrasjon av sakrale stadnamn på nordsida av Tysnesøya, den største konsentrasjonen i Vest-Noreg, med gardsnamna *Týsnes* ‘gudeneset’, *Vé* ‘helgedom’ og *Vévatn* (gammalnorske former), holmenamnet *Helgasteinen* litt ute i fjorden mellom *Týsnes* og *Vé* (*Helgasteinen* berre kjent frå moderne tid), og *Njarðarlög*, som var det gamle namnet på Tysnesøya (Olsen 1905). Men ingen arkeologiske monument er kjende frå denne Godøya; det næraste er på det opphavlege Týsnes (Grimm 2011: 178, 179–81), som

ligg eit par km mot sørvest og i dag blir kalla *Todneset* (samtidig som *Tysnes* no ofte blir brukt om kommunen og øya. *Todneset* blir stundom skrive *Tonneset*. Uttalen er *-/o/-*, og namnet er uforklart.). Vidare peikar Grimm på opplysningar om at denne Godøya, eller Godø(y)sund / Gøysundet, rettare sagt, var tingstad på 1700-talet (Olsen 1905: 13, Drange 1989: 380, 391), venteleg før det òg, og at hamna der var viktig, sidan «it was the last stop for people from southern Hordaland before the journey to Bergen through the inclement weather of the Bjørnafjord» (Grimm 2011: 176, 179, 182) .

Mesteparten av det Grimm nemner, gjeld distrikta som Godøy-ane ligg i: korleis dei naturlege føresetnadene for busetnad er i distriktet, og om det finst arkeologiske monument – altså menneskeskapte endringar av landskapet. Dette er utan tvil viktige bakgrunnsopplysningar. Men det kan ikkje fortelja oss kvifor akkurat desse øyane fekk namnet ‘gudeøya’. Skal vi finne rimelege årsaker til det, må vi peike ut ting som skil desse øyane frå naboøyane. At Godøya på Sunnmøre har godt jordbruksland, seier oss ikkje stort når naboøya, Giske, har meir av slikt jordbruksland (Giske er heilt flat, og namnet *Giske* tyder truleg ‘duken’; Sandnes og Stemshaug 1997: 171.) Det same gjeld storhaugen på Godøya, når det er storhaugar også på naboøyane, til dels mange fleire storhaugar (på Vigra. Grimm 2011: 183). Ikkje sjeldan forskyv slike faktorar berre problemet: Kvifor valde folk å leggja storhaugar akkurat der? Kvifor var det tingstad i Godøysund i Sunnhordland? Kvifor seier sogene at Raud den ramme sat på Godøya i Salten? Når det gjeld sakralnamnklynga som Godøya i Sunnhordland høyrer til, har Svein Ove Agdestein, etter at Grimm-artikkelen kom ut, påvist eit heilt spesielt solfenomen: Ikring vintersolkverv går sola ned, men kjem fram att og skin nokre få minutt med konsentrert stråle beint på ei stor røys på det opphavlege *Týsnes*, før ho går ned for godt. Dette tek seg opp att ikring sommarsolkverv og vår- og haustjamdøgn, men utan den konsentrerte strålen (fordi sola då kjem fram unna fjell lenger unna. Sett frå staden, mot sola, ser det likevel likeins ut.). Dette er truleg bakgrunnen for sakralnamnkonsentrasjonen nord på Tysnesøya. Argumentet for det er dels at solfenomenet er så spesielt, dels at det er vanskeleg å sjå andre ting på nordsida av Tysnesøya som kan forklare konsentrasjonen. Samtidig kan dei to sakralnamna som er nærast det opphavlege *Týsnes* knytast til denne forklaringa. Det Agdestein har observert som spesielt med Helgasteinen, er at han består av berg som er kvitare

enn på øyane ikring og på sjølve Tysnesøya, og at han ofte er opplyst av sola når bygda ligg i skugge fordi det er skyer over sjølve Tysnesøya. Både Todneset og Helgasteinen er altså stader som på forunderleg vis er opplyste av sola når omlandet ligg i skugge, og landskapet er forma slik at ein frå bygda ser dette som frå tribunane i eit amfi (Heide 2013, særleg 52 f.). Dessutan er det mogeleg at namnet / tunet på garden *Vé* er plassert ut frå solfenomenet. Garden ligg på andre sida av den vågen som frå nord går inn vest for det opphavlege Tysnes, no Todneset. Det er vanskeleg å sjå noko spesielt med staden *Ve* ligg på – anna enn at han¹⁰ ligg midt imot den store røysa på Todneset, tvert over vågen, akkurat på den linja som ein rygg og den store og ei mindre røys på Todneset dannar (observerte eg under den arkeologiske utgravinga der i mai 2013). Åstaden for solfenomenet, som i førhistorisk tid etter alt å døme låg i utmark, med berre glissen busetnad i nærleiken (Olsen og Dahl 2015: 28), kan altså ha «sikta inn» ein sekundær helgedom i den mest tettbygde delen av bygda.¹¹ Det må likevel strekast under at dette er usikkert.

Noko av det Grimm har peika på, kan vera grunnleggjande faktorar, når det gjeld den nørdeste og den synste Godøya. Den eine er at Godøya ved Bodø ligg ved Saltstraumen, som er den sterkaste tidevasstraumen i verda. Det er nettopp eit slikt naturfenomen som er ein turistmagnet, og som vi må tru har gjort inntrykk på folk i førkristen tid òg. Eg kan føye til at Godøya sitt lægje litt inne i fjorden, slik at ho er ein høveleg møtestad for folk frå fjord- og dalbygdene innanfor og folk utanfrå kysten, har parallellar i øyar som heiter *Helgøya*, truleg ‘den heilage øya’. *Helgøya* i Førdefjorden og *Helgøya* i Eikefjorden ligg slik,¹² og tilsvarande ligg «åt-

10) Altså den opphavlege garden *Vé*, der det no berre står *Ve* på kartet. I tillegg har vi no *Ytre Ve*, litt på nordsida, og *Indre Ve*, litt på sørsida.

11) På utgravinga i 2013 ville vi undersøke om det kunne vera ein kultbygning ved den store røysa som knyter seg til solfenomenet. Vi fann ingen teikn til det (Olsen og Dahl 2015), men vi fann ut at det på sjølve neset, der røysa ligg, ville vore vanskeleg å få ein kultbygning til å stå, fordi det i førhistorisk mest var berggrunn der (dagens innmark har bøndene laga med å dekke berget med jord), og fordi det er overlag vêrhardt på staden. Faktisk hadde ein problem med å få Tysneskyrkja, som stod 100 m lenger inne på neset, til å halde seg oppreist, og det var ei medverkande årsak til at kyrkja i 1906 vart flytt inn til Gjerstad i hovudbygda (Heggland 1964: 393). Rundt den gamle kyrkjetomta er det likevel djup jord, som det går an å få feste for berande stavar i, og det er truleg der ein burde leite etter kultbygning.

12) Noko av bakgrunnen for namnet *Helgøya* på den i Førdefjorden kan òg vera at ho ligg beint under *Heilefjellet*, venteleg av gammalnorsk *heill* n. og f. ‘lukke, ting som

skilliga» av dei svenske øyane med namnet *Helgö* «där en farled från det inre av landet närmar sig den stora leden längs kusten» (Calissendorff 1964: 152). *Veøya* i Romsdalen, gammalnorsk *Véey*, ‘kultstadøya’, er liknande plassert, men lenger inne i fjorden.

Det andre Grimm peikar på som eg trur er ein grunnfaktor, er hamna i Godøysundet, attmed den store og nokså vêrharde Bjørnafjorden. At dette i seinare tid var ein vanleg siste stoppestad før Bergen for dei som kom sunnantil og frå Hardanger, kan vi ikkje leggja vekt på direkte, for Bergen kom til etter desse sakralnamna. Men Godøyane er ein svært sentral stad, på same måte som Godøya i Salten, berre i ein annan type kystlandskap. Nordsida av Tysnesøya ligg midt i det sjøvegssystemet som den søre delen av Hordaland utgjer, med Hardangerfjorden, Åkrafjorden, øyane i Sunnhordland, Samnanger og øyane i Midthordland. Dessutan er Godøysundet ei utleita fin gjennomseglingsshamn – altså ei hamn ein kan segle inn i, liggja godt i, og så segle ut gjennom i andre enden når ein skal vidare, i staden for å måtte ta same vegen ut som ein kom inn. Før motoren var dette ein uvurderleg fordel, og også i andre tilfelle er sakralnamn knytte til slike hamner. Eitt døme er *Nærøya* (<*Njarðey*) i Namdalen, midt i leia på eine sida av den vêrharde Folla. Eit anna døme er den nemnde *Helgøya* i Eikefjorden innanfor Florø, og kanskje *Nærøyane* nord for Florø (i det tilfellet har vi ikkje gamle skriftformer som viser at det er *Njarð-*), midt i leia, som *Nærøya*. Endå eit døme er *Helgasund*, nemnt i *Hákonar saga Hákonarsonar* (*Hákonar saga Hákonarsonar I. Bøglunga saga* 2013: 34, 111, 153), truleg Ny Hellesund sørvest for Kristiansand. Det ligg midt i leia mellom nokre småøyar, og den eine heiter *Helgøya*. Det at *Godø(y)sund(et)* var namnet på tingstaden

gjev lukke’ (Heggstad m. fl. 2008: 254). I så fall er det på linje med *Heilhornet* i Bindalen på Sør-Helgeland. *Heil* er no namn på ein gard under fjellet, men har truleg frå fyrst av vore namn på fjellet, fordi fjellet er vidt synleg og såleis kan ha fungert som seglingsmerke (Sandnes 1997). Det spesielle med Heilefjellet er at sjølv om det har eit mesta milelangt flog som på det høgste er opp mot 1000 m høgt, heiter det seg at «det rasar ikkje frå det», «det kjennest trygt» (Erik Nordstrand, Askøy, 17.9.2018), venteleg fordi det i mesteparten av lengda har ei hylle midt oppe i fjellsida, om lag på skoggrensa, som vil fange opp skred. Dermed er ikkje dette fjellet slikt eit ulukkesfjell som det «skulle» ha vore når det er så høgt og bratt. I så fall var gammalnorsk form **Heillahorn*, med same samansetjingsform som t.d. *heillapúfa* og *heillamaðr*. *Heilhornet* i Roan på Fosenhalvøya kan vanskeleg forklarast på same vis som *Heilhornet* i Bindalen, for det er ikkje synleg frå havet eller leia (og har heller ikkje noka slik hylle som Heilefjellet), har eg sjekka i Norgei3d.

på 1700-talet, og på ein gjestgjevarstad (kjend frå 1600-talet av) og eit turisthotell seinare, og at sundet var lasteplass for skotteskip i tidleg moderne tid (Drange 1989: 382–88), strekar under kva som var det fremste godet denne staden kunne by på. At det var tingstad i Godøysundet på 1700-talet, utan at det var nokon storgard der, høver med dette. Sjølv om alle desse opplysningane gjeld sein tid, så viser dei at dette var ein sentral og god møtestad, frå naturen si side (jf. Drange 1989: 387). For så vidt kan ein seia at Godøya i Salten også hadde gjennomseglingshamn, i og med at Godøystraumen må ha vore eit nokså trangt sund også med nokre meters høgare hav.¹³⁾ Men det må ha vore strid straum gjennom det, og dermed ikkje så fint å liggja i sjølve sundet. Likevel kan ein liggja i eine eller andre enden, på lesida, og det er mesta like bra, i og med at det alltid vil vera ei smul side.

Slik Grimm peikar på, er det ingen ting som tyder på at sjølve Godøya i Salten eller Godøya ved Tysnes var stormannssete. Det vi kan tenkje oss, er at dette var stader der folk samlast til marknad og kult, som to sider av same sak. Raud den ramme har då budd ein stad i nærleiken, slik fleire har vore inne på (m.a. Storli 1989. Bodin? Skjerstad? Ljønes?), og så har tradisjonen seinare knytt han til den sannsynlege marknads- og kultstaden Godøya.

Det eg kjem fram til som årsaker til at Godøy-ane i Salten og Sunnhordland fekk namnet ‘gudeøya’, er altså at dei var svært laglege samlingsstader, som ligg sentralt med (svært) gode hamner – ved naturfenomen så eksepsjonelle at ein lett kan koma i tankar om noko overnaturlig. Liknande faktorar har eg ikkje klart å finne ved Godøya på Sunnmøre. Ho ligg ikkje spesielt sentralt, har ikkje så god hamn, og ikkje noko spesielt naturfenomen. Eg har fingranska kartet, eg har sett på nyskanna geografiske data på millimeternivå, og eg har spurt lokalkjende om folketru og spesielle landskapsdetaljar. Ingen ting av dette har ført fram; eg har ikkje funne noko spesielt med øya anna enn at ho er nokså høg til å liggja så langt ute og at det er eit platå på toppen av ho med eit nokså stort vatn. Det er ikkje så spesielt.

13) I dag er delar av sundet tørrlagt på fjære, men for 1000 år sidan skal det ha vore 4-5 m høgre havnivå (strandlinjediagrammet på <http://geo.phys.uit.no/sealev/>).

IV. Landkjenningar med reint farvatn, gode å styre etter

Men på ein segltur forbi øya sommaren 2018 la eg merke til noko som eg trur er løysinga. Vi kom sørfrå og heldt utanfor Hareidlandet og inn i Breidsundet på sørsida av Godøya, og så beint austover og inn Hessafjorden sør for Ålesund. Dagen før hadde det vore vestleg kuling, så det var grov sjø då vi runda Hareidlandet. Ingen tykte det var unormalt, der ute ved havet. Men inne i Hessafjorden, slo det meg: «No er vi halvanna landmil innanfor dei ytste skjera, og havsjøen følgjer oss enno. Kva er dette?» Det er svært uvanleg at havsjøen når særleg langt inn mellom øyane, vanlegvis fordi det er eit band av holmar, skjer og grunnar utanfor dei ytste øyane, eller så er det tersklar ytst i fjordane. Då eg sjekka kartet, såg eg at utanfor Godøya, manglar skjergarden. Det er ei 8 km brei rås av reint farvatn, kalla Breidsunddjupet, som går inn frå havet og inn forbi Godøya på begge sider.


Dette kan vera bakgrunnen for namnet *Godøya*. Det er overgangen mellom hav og innanskjerslei som er mest kritisk for sjøfarande. På havet kan sjøen vera grov, men ein risikerer ikkje å gå på noko. Så lenge ein ikkje får for mange sjøar oppi båten, klarer ein seg. Og inne i leia er det smult, relativt sett. Men overgangen er farleg, av to grunnar: 1. Oftast er opningane inn gjennom skjergarden nokså tronge, slik at ein må styre nøyaktig for å koma gjennom. Då må ein veta nøyaktig kor ein er, men, 2. Når ein er på havet, veit ein i beste fall veldig omtrentleg kor ein er (om ein ikkje har moderne navigasjonsutstyr), for på havet er det ingen landemerke. Når ein skulle frå havet til lands i førmoderne tid, var ein derfor avhengig av landkjenningar, landskapsformasjonar som lett kan skiljast frå andre og frå landet bak. Det beste er breie, reine leier frå havet og inn i innanskjersleia, markerte av ruvande landemerke som ein kan styre mot for å halde seg i det reine farvatnet. Stader med begge desse elementa må ha vore uvurderlege for førhistoriske sjøfararar. Breidsunddjupet / Godøya er kanskje den staden på heile Norskekysten der denne kombinasjonen er best oppfylt.¹⁴⁾ For å halde seg i det reine farvatnet på veg inn frå havet, treng ein berre å styre mot Godøya eller

14) (*Store*) *Godøyfluda* ligg ut mot Stadhavet vest i Herøy kommune, på linja der innersida av fjella på Nerlandsøya går åt innersida av fjella på Godøya. Den medlinja markerer Nordre Flåværleia, som går inn frå Stadhavet og inn mellom øyane i Herøy (Sørøyane, jf. det Solheim seier om å ta retning av Svinøya nedanfor) og vidare nordover.

mot Breidsundet, som er ein «tydelig framtreddende og temmelig brei åpning» (*Den norske los Stad - Rørvik* 2018: 62) mellom dei fleire hundre meter høge fjella på Godøya og Hareidlandet. Så markerer då også både kart og *Den norske los* Breidsunddjupet som leia inn frå havet mot Ålesund i dag (*Den norske los Stad - Rørvik* 2018: 94).

Det neste som slo meg, var at eg måtte undersøke om det kunne vera på liknande vis med *Landegode* – sjølv om *god* i det namnet er adjektivet (gammalnorsk *góðr*), ikkje gammalnorsk *guð* / *god* ‘gud’. Det slo til. Når ein skal frå Lofoten og inn til fastlandet og eventuelt vidare sørover, så må ein over havstykket Vestfjorden, før ein møter bandet av holmar, skjær og grunnar utanfor øyane langs fastlandet. Einaste store opning i det finn vi nordvest for Landegode, der det er ei langt over landmil brei rås med reint farvatn frå Vestfjorden og heilt inn til dei siste hundre metrane før Landegode, til dels heilt inn. Sjå Figur 3. Også i det tilfellet utgjer øya, med høge og markante fjell, eit kjempegodt landemerke å styre mot (*Den norske los Rørvik - Lødingen og Andenes* 2018: 52, 138, 163), særleg når ein kjem frå Vestvågøya, Flakstadøya eller nordre del av Moskenesøya, sjå Figur 4. Når ein er oppunder Landegode, kan ein velja inner- eller yttersida av den øya avhengig av vindretning; begge leiene er nokså greie. Slik den godt orienterte Johan Bojer seier i *Den siste viking*: «Ikke tok de nu korteste veien over Vestfjorden, [...] de skar i en skraaline bent paa en solfarvet snetop, der saavidt var sigtbar nede i himmelranden i sydøst, det var Landegode» (Bojer 1921: 291). Solheim peikar faktisk på det same: «når ein kjem nordafrå over Vestfjorden, så er det Landegode ein søker etter for å koma inn i rette leia i skjergarden sørover [...] i eldre tider må Landegode ha hatt overlag mykje å seia som landemerke. Ja, utan kompas og kart må det ha vori heilt avgjerande for dei sjøfarande å få rett landkjenning her, finna rette innlaupet frå havet.» (Solheim 1940: 135) Han legg likevel vekt på at det er ureint langs mykje av øya (nemleg særleg innersida og sørenden), slik at øya er farleg. Men ut frå det han skriv, kunne han gjerne sagt at Landegode er eit *godt land* i bokstavleg mening.

Det beste alternativet til å ta land ved Landegode er Grøtøya i Steigen (som lofotfararane i *Den siste viking* går ut frå på nordferd, Bojer 1921: 71 f., i tråd med det som var vanleg. Thorsvik 1982: 40). Siktar ein frå Henningsvær mot dei lett kjennelege Skotstindan, kjem ein frå Vestfjorden beint inn Breisundet mot Grøtøya. Det er ein kilometer breitt, men



Figur 3. Sjøkartutsnitt som viser det rene farvatnet inn mot Landegode fra nordvest. norgeskart.no



Figur 4. Animasjon som viser utsynet søraustover frå dei ytste holmane ved Ballstad på Vestvågøya. Til høgre dei 7–800 m høge Landegodtindane, som stikk godt opp over jordkrumminga (ulikt fastlandsfjella lenger sør), klårt skilde frå fastlandsfjella innanfor. Generert i Norgei3d.

likevel mykje trongare og grunnare enn Landegodfjorden, som altså er eit betre alternativ. Legg ein seg lite grann vestleg i leia mot Landegode, kjem ein dessutan vest for området med farlege bølger som strekker seg innover Vestfjorden mot Lødingen (slik det er markert i *Den norske los*). Mot Grøtøya må ein tvers gjennom det.

Då eg kom heim, sjekka eg litteraturen om Landegode, og fann ut at også Jomfruland og Svinøya hadde kunne kallast *Landegode*. Og faktisk har Jomfruland dei same landskapstrekk, berre i annan skala, fordi Skagerakkysten er så mykje smalare enn den norske vestkysten, og landet så mykje lågare. Dei 7–8 kilometrane langs Jomfruland er einaste strekkinga på Skagerakkysten der det er reint snitt mellom hav og land (sjå norgeskart.no → Bakgrunnskart → Sjøkart). Ytersida av Jomfruland er noko langgrunn, men er på ingen måte noko vadehav, og havet når heilt inn, utan beltet av grunnar, fluer, skjer og holmar som ligg utanfor landet og øyane på resten av kysten. Samtidig er Jomfruland, som Landegode og Godøya / Breidsundet, ei viktig landkjenning for den som kjem inn frå havet, ein lett kjenneleg formasjon å orientere seg etter.¹⁵⁾ Slik Elisabeth Jørgensen Singh seier det:

15) «Jomfruland [...] er lett kjennelig. Øya skiller seg tydelig ut fra fastlandet bakenfor». *Den norske los Langesund - Jærens rev 2018b*: 64.

